

# INTERNETT-DEBATTAR OM SKULEUNIFORM

OM HALDNINGAR TIL BRUK AV SKULEUNIFORM BLANT ELEVAR OG  
FORELDRE I USA OG NOREG



Masteroppgåve PED4390

av

Bjørnar Meling

Hausten 2009

Universitetet i Oslo

Det Utdanningsvitenskapelige Fakultet

Pedagogisk Forskningsinstitutt



## SAMMENDRAG AV MASTEROPPGAVEN I PEDAGOGIKK

**TITTEL:**

**INTERNETT-DEBATTAR OM SKULEUNIFORM**

**Om haldningar til bruk av skuleuniform blant elevar og foreldre i USA og Noreg**

**AV:**

**Bjørnar MELING**

**EKSAMEN:**

**Masteroppgåve i pedagogikk**

**Allmenn studieretning**

**PED4390**

**SEMESTER:**

**Hausten 2009**

**STIKKORD:**

**UNIFORMERING, INTERNETT, KOMPARATIV**

**PEDAGOGIKK**

## **SAMANDRAG**

Oppgåva er ei undersøking av oppfatningar om uniformering i skulen. Oppgåva samanliknar meiningar blant elevar og foreldre i USA og i Noreg, i ei drøfting av seks Internett-debattar, og viser skilnader mellom ulike typar og variantar av uniform. Oppgåva studerer også uniformering i historisk kontekst, ved å samanlikna bruk av uniform og ulike tenkemåtar og veremåtar i det moderne og det postmoderne.

Vidare skisserer oppgåva kategoriar av argument for og mot bruk av skuleuniform, i lys av relevant sosiologisk litteratur og nyare studiar av bruk av skuleuniform i USA. Kategoriane er meint som teoretiske utgangspunkt og reiskapar for å tolka meiningar og påstandar om skuleuniform blant debattantar på Internett. Kategoriane blir også brukt som utgangspunkt for å studera uniformering i skulen i lys av klede som sosialiserande materiell, og i lys av spørsmål om integrasjon.

Oppgåva bruker kvalitativ og kvantitativ tekstanalyse for å undersøkje Internett-debattar. Ved hjelp av tabellar viser oppgåva kva argument som er mest brukt. Argumenta blir vekta ut frå blant anna relevans og informativitet. Argument som er brukt mykje og argument som blir brukt meir av somme debattantar enn andre, blir drøfta meir inngående.

Datamaterialet som blir brukt i oppgåva er debattar henta frå Internett. Talet på brukarar av Internett veks raskt i mange land, og i Noreg og USA er det kun eit mindretall av innbyggjarane som ikkje har erfaringar med Internett. Det kan derfor hevdast at Internett blir stadig meir relevant som utgangspunkt for studiar, ettersom brukarane i større og større grad er representative for innbyggjarane. Mange vil sjå bruk av skuleuniform som eit politisk tema. Forsking på politiske standpunkt blant Internett-debattantar introduserer problemstillingar som før har vore knytta til blant anna opinionsmålingar ved politiske val. Dette gjeld til dømes framstillingane av nyhende i ulike medier. Oppgåva viser nokre nærliggjande problemstillingar knytt til opinionsdanning, og til måten medier påverkar innbyggjarar.

Oppgåva viser blant anna at debattantar frå USA er meir opptekne av tryggleik enn norske debattantar, mens norske debattantar er meir opptekne av mobbing. Debattantar frå USA legg også større vekt på familieverdiar enn norske debattantar. I tillegg viser debattane at foreldre er meir positive til uniformering i skulen enn elevar. Denne forskjellen ser ut til å vera større i Noreg enn i USA. Oppgåva drøftar ulikskapar i oppfatningar om uniformering i skulen i lys

av nyare litteratur innan pedagogikk, sosiologi og filosofi som analyserer generell samfunnsutvikling.

## **FORORD**

Først og fremst vil eg takka Ådne Meling for faglege innspel og motivasjon til oppgåva, og for førsteklasses korrekturlesing.

Takk til Sjur Hevrøy for gode råd og praktisk hjelp med innleveringa av oppgåva.

Sist, men ikkje minst, takk til førsteamanuensis Christian W. Beck ved Universitetet i Oslo, som var rettleiar i arbeidet med oppgåva.

Bergen, desember 2009

Bjørnar Meling

# INNHALD

|  |           |
|--|-----------|
| SAMANDRAG .....  | iii       |
| FORORD.....  | v         |
| INNHALD .....  | vi        |
| <b>1. INNLEIING .....</b>                                    | <b>1</b>  |
| 1.1. SKULEUNIFORM I MEDIER OG FORSKING .....                 | 1         |
| 1.2. PROBLEMSTILLING .....                                   | 1         |
| 1.3. AVGRENSING .....  | 2         |
| 1.4. DISPOSISJON .....                                       | 2         |
| <b>2. UNIFORM – HISTORIKK, FUNKSJON OG KATEGORAR .....</b>   | <b>4</b>  |
| 2.1. KATEGORAR AV UNIFORM OG RESTRIKSJONAR PÅ KLEDE.....     | 4         |
| 2.2. KORT HISTORIKK OM UNIFORMERING I SAMFUNNET.....         | 6         |
| 2.3. UNIFORMERINGA SI ROLLE I SAMFUNNET .....                | 7         |
| 2.3.1. Uniformering som kontroll, konformitet og tvang ..... | 7         |
| 2.3.2. Uniformering som del av eit modernitetsprosjekt.....  | 9         |
| 2.3.3. Uniformering i det postmoderne .....                  | 10        |
| <b>3. UNIFORMERING I SKULEN - MOGLEGE EFFEKTAR.....</b>      | <b>11</b> |
| 3.1. SOSIOMATERIELLE EFFEKTAR AV UNIFORMERING I SKULEN ..... | 12        |
| 3.1.1. Orden og disiplin.....                                | 13        |
| 3.1.2. Profesjonskjensle.....                                | 14        |
| 3.1.3. Fellesskapskjensle .....                              | 14        |
| 3.1.4. Sivilisert veremåte .....                             | 16        |

|  |           |
|--|-----------|
| 3.2. UNIFORMERING I SKULEN: MOGLEGE EFFEKTER PÅ YTRINGSFRIDOM OG INTEGRASJON.....  | 18        |
| 3.2.1. Personleg fridom: Individualitet og kreativitet.....  | 19        |
| 3.2.2. Institusjonalisering.....   | 20        |
| 3.2.3. Religiøs og kulturell integrasjon.....  | 21        |
| 3.2.4. Sosial og politisk integrasjon.....   | 23        |
| 3.2.5. Økonomisk integrasjon og sosioøkonomisk utjamning.....  | 24        |
| 3.3. PRAKTISKE OMSYN VED BRUK AV SKULEUNIFORM.....   | 25        |
| 3.3.1. Tryggleik.....  | 25        |
| 3.3.2. Tidsbruk i skulen og i heimen.....  | 25        |
| 3.3.3. Mijøeffektar.....   | 25        |
| <b>4. NYARE STUDIAR OM SKULEUNIFORM I USA.....</b>   | <b>27</b> |
| 4.1. KORT HISTORIKK OM BRUK AV SKULEUNIFORM I USA.....   | 27        |
| 4.1.1. Pilotprosjektet i Baltimore, 1987.....  | 27        |
| 4.1.2. Long Beach skulekrins 1994 og Bill Clinton sin "State of the Union"-tale.....   | 28        |
| 4.2. STUDIAR OM BRUK AV SKULEUNIFORM I USA.....  | 31        |
| 4.2.1. Brunsmå: Analysar av nasjonalt omfattande datamateriale om skuleuniform på læringsmiljø og åtferd – manglande effektar..... | 31        |
| 4.2.2. Hughes: Formell og uformell uniform – innverknad på fråver og åtferd.....   | 33        |
| 4.2.3. Pate: Uniformering som tiltak mot kriminalitet.....   | 34        |
| 4.2.4. Tucker III: Kvantitative og kvalitative undersøkingar.....  | 34        |
| 4.2.5. Brunsmå: Uniformering som sosial utjamning eller som fagleg utjamning.....  | 36        |
| 4.2.6. Fosseen: Logouniform versus standardklede – effektar av logosymbol på fellesskapskjensle blant elevar.....                  | 38        |
| 4.3. OPPSUMMERING.....   | 39        |



|  |           |
|--|-----------|
| <b>5. INTERNETTUNDERSØKING – METODE OG DATAMATERIALE .....</b>                         | <b>42</b> |
| 5.1. METODISK TILNÆRMING .....   | 42        |
| 5.2. VAL AV NETTSIDER .....  | 42        |
| 5.2.1. <i>Forum og kommentarsider</i> .....  | 43        |
| 5.2.2. <i>Internettbrukarar som representantar for innbyggjarane</i> .....             | 44        |
| 5.3. INTERNETTBRUK OG INTERNETT SOM KJELDE TIL FORSKING .....                          | 45        |
| 5.3.1. <i>Virtuelle fellesskap</i> .....   | 45        |
| 5.3.2. <i>Internett og demokrati – informasjonstilgang og anonymitet</i> .....         | 46        |
| 5.4. OFFENTLEG OPINION SOM KJELDE TIL FORSKING .....                                   | 47        |
| 5.4.1. <i>Relevansen av opinionsundersøkingar om uniformering i skulen</i> .....       | 47        |
| 5.4.2. <i>Medier og opinion – gjensidig påverknad</i> .....                            | 48        |
| <br>   |           |
| <b>6. INTERNETTUNDERSØKING – GJENNOMGANG AV SEKS DEBATTAR OM<br/>SKULEUNIFORM.....</b> | <b>50</b> |
| 6.1. DEBATTAR – USA.....   | 50        |
| 6.1.1. <i>Debatt 1 (4forums)</i> .....   | 50        |
| 6.1.2. <i>Debatt 2 (America’s Debate)</i> .....  | 53        |
| 6.1.3. <i>Debatt 3 (USA Today)</i> .....   | 56        |
| 6.2. DEBATTAR – NOREG.....   | 60        |
| 6.2.1. <i>Debatt 4 (Kvinneguiden)</i> .....  | 60        |
| 6.2.2. <i>Debatt 5 (Aftenposten)</i> .....   | 61        |
| 6.2.3. <i>Debatt 6 (Diskusjon.no)</i> .....  | 62        |
| 6.3. HOVUDTREKK VED DEBATTANE.....   | 63        |
| 6.3.1. <i>Debattantar frå USA si vektlegging av argument</i> .....                     | 63        |
| 6.3.2. <i>Norske debattantar si vektlegging av argument</i> .....                      | 64        |
| 6.3.3. <i>Skilnader i bruk av argument blant born og foreldre</i> .....                | 65        |

|  |           |
|--|-----------|
| 6.3.4. Skilnader i bruk av argument blant innbyggjarar frå Noreg og USA..... | 66        |
| 6.4. OPPSUMMERING .....  | 67        |
| <b>7. AVSLUTNING .....</b>   | <b>68</b> |
| 7.1. DRØFTING.....   | 68        |
| 7.1.1. Skilnader blant innbyggjarar frå USA og Noreg .....                   | 68        |
| 7.1.2. Skilnader blant born og foreldre .....                                | 71        |
| 7.2. INNSPEL TIL VIDARE STUDIAR.....   | 72        |
| <b>REFERANSAR.....</b>   | <b>1</b>  |

# 1. INNLEIING

## 1.1. SKULEUNIFORM I MEDIER OG FORSKING

Frå tid til annan kan ein lesa innlegg i mediene av enkeltpersonar eller organisasjonar som foreslår uniformering i skulen. Slike forslag har enno ikkje fått politiske følgjer i Noreg. Det finst lite forskning rundt temaet, og det finst knapt erfaring med bruk av skuleuniform i Noreg. Det er også lite forskning og akademisk debatt om temaet i andre land. Uniformering i skulen har typisk lang tradisjon i dei landa det blir brukt, mens det ofte framstår som eit urealistisk forslag når det blir foreslått i land utan tradisjonar for det.

Eit unntak frå denne regelen er USA, der ein etterkvart kan finna mange studiar om temaet, særleg frå dei seinare åra. Dei første erfaringane med uniformering i den offentlege skulen kom som eit resultat av "School Uniform Project" i Baltimore så seint som i 1987, og allereie ved årtusenskiftet hadde om lag ein fjerdedel av barneskulane innført ei eller anna form for uniformering (Brunsmå 2004: 80). Ettersom talet på skular med uniformering stadig veks, er det mogleg å skaffa omfattande dokumentasjon på tilhøva ved skular før og etter uniformering. Dette kan gje kunnskap som kan brukast som utgangspunkt for å ta stilling til temaet i andre land.

Uniformering i skulen er eit skulefagleg, men også eit politisk tema. Dette inneber at også meiningane ein finn blant "folk flest", og årsakene som ligg til grunn for desse meiningane, er relevante for pedagogar. Ettersom Internett etterkvart blir brukt av ein meir representativ del av innbyggjarane, både i USA og i Noreg, blir det nærliggjande å bruka dette mediet som kjelde for undersøkingar.

## 1.2. PROBLEMSTILLING

Hovudspørsmålet som oppgåva søker svar på er: *Kva meiner elevar og foreldre i høvesvis USA og Noreg om uniformering i skulen?*

Dette vil oppgåva prøva å finna svar på ved å undersøkje meiningar blant elevar og foreldre i USA og i Noreg, slik meiningane blir reflektert i debattar på Internett. I oppgåva blir også relevant faglitteratur og studiar av forskarar frå USA gjennomgått.

Andre spørsmål som oppgåva tek for seg er: Kva er skilnaden mellom føresetnadane til Noreg og USA for å bruka uniformering som tiltak i skulen? Kva skilnader og likskapar kan ein

finna mellom oppfatningar blant forskarar, og oppfatningar blant dei andre innbyggjarane, slik dei blir reflektert i debattar på Internett?

### **1.3. AVGRENSING**

Ei klasseromsorientert tilnærming kunne ha vore naturleg dersom det hadde vore mogleg å studert uniformering blant elevar i Noreg, men ettersom kjeldene for studien er henta frå ei Internettundersøking og frå forskning frå USA, fell det meir naturleg å leggja vekt på litteratur frå sosiologisk, sosialpedagogikk og sosialfilosofi.

I samanlikninga mellom den norske skulen og skulen i USA er det mange problemstillingar, og dette er eit omfemnande tema som kunne ha vore utdjupa meir. Til dømes kunne det ha gjeve meining å undersøkje skilnader mellom den norske kulturen og kulturen i USA meir detaljert, mellom ulike strukturar i utdanningsystemet i Noreg og i USA, mellom ulik lovgjeving og praksis i dei enkelte statane i USA, og så vidare. Dette fell likevel utanfor rammene for denne oppgåva, som i staden legg vekt på skilnadane slik dei framstår i litteraturen som er brukt i oppgåva, og slik dei trer fram i problemstillingar blant forskarar og argumenta til debattantar frå USA og Noreg. Oppsummeringa undersøker så dei viktigaste problemområda, og samanliknar tilhøva i dei to landa.

### **1.4. DISPOSISJON**

*Kapittel 2* er ein kort presentasjon av ulike former for uniform, bruken av uniform i historisk perspektiv, og om uniforma sin funksjon i samfunnet, i lys av det moderne og det postmoderne. *Kapittel 3* skisserer moglege effektar av uniformering i skulen. For å kunna vurdere påstandar som kjem til uttrykk i debattar om skuleuniform, er det naudsynt å klargjera dei ulike kategoriane av argument og dei moglege effektane av uniformering som tiltak i skulen. I dette kapitlet blir problemstillingane sett i lys av mot relevant litteratur. *Kapittel 4* inneheld ein gjennomgang av nokre nyare studiar om bruk av skuleuniform i USA. Før studiane blir bakgrunnen for uniformering i skulen i USA analysert, med sentrale hendingar og litt historikk om debatten. Kapitlet inneheld også ei oppsummering av resultat og konklusjonar i studiane. *Kapittel 5* kommenterer metodiske problemstillingar relatert til framgangsmåten som blir brukt i undersøkinga av Internett-debattar. *Kapittel 6* inneheld ei undersøking av debattar frå forum og kommentarsider, med deltakarar frå Noreg og frå USA. Debattane er meint å gje eit inntrykk av kor opinionen står i debatten om skuleuniform i

Noreg og i USA, men også av meiningane om bruk av skuleuniform blant elevar og foreldre, i Noreg og i USA. *Kapittel 7* inneheld ei oppsummerande drøfting. Kapittelet har som siktemål å utdjupa, og gje forslag til forklaringar på, skilnader og likskapar i oppfatningar blant innbyggjarar i USA og i Noreg, og mellom born og foreldre.

## 2. UNIFORM – HISTORIKK, FUNKSJON OG KATEGORAR

Dette kapitlet er meint som ein kort introduksjon til omgrepet uniform, og som ei grov historisk skisse av uniformering og uniforma sin funksjon i samfunnet. Første del vil klargjera skilnader mellom ulike kategoriar av uniform og restriksjonar på uniform. Etersom dette er meint som ei praktisk klargjering av bruk av desse omgrepa seinare i oppgåva, vil uniform og klesreglar *i skulen* bli vektlagt. Andre del dreier seg om uniformering, slik det er vorte praktisert i tidlegare tider. I tredje del vurderer oppgåva uniformering som sosiokulturelt fenomen i lys av det moderne og det postmoderne, det indrestyrte og det ytrestyrte, slik desse omgrepa er brukt av Anthony Giddens (1997), Zygmunt Bauman (1997 og 2001), og David Riesman (1961/2001).

### 2.1. KATEGORAR AV UNIFORM OG RESTRIKSJONAR PÅ KLEDE

Jennifer Craik (2001: 25) bruker kategoriane formell, kvasi-formell og uformell om ulike typar uniform. I kategorien dei *formelle* uniformene hamnar militær uniform, skuleuniform og liknande. Uniformene er eksplisitt symbolske, og representerer ei tydeleg definert gruppe. Som døme på *kvasi-formelle* uniformer, nemner Craik dress med kvit skjorte og slips, blant forretningsfolk. Denne typen uniform er på same måte som dei formelle, strengt regulert av ei definert gruppe, men oftare gjennom normer enn gjennom lover og reglar. Blant *uformelle* uniformer er til dømes klednaden blant folk som stiller opp i ein demonstrasjon, eller studentar i ein forelesningssal. Dette er klednad som blir danna på grunnlag av normer i eit større symbolsk fellesskap, som ikkje blir eksplisitt regulert, men i større grad danna som eit felles interessebasert eller ideologisk uttrykk.

I skulen i USA skiljer ein gjerne mellom skuleuniform og klesreglar ("dress codes"). Når det gjeld Craik sin inndeling vil begge desse hamna i kategorien formelle klesreglar, ettersom begge er regulert av eksplisitte lover. Forsking på skuleuniform femner ofte også om forskning på bruk av klesreglar, og dette blir gjerne brukt som samanliknande empirisk materiale (jamfør til dømes Cruz 2001, Brunsma 2004 og 2006, Hughes 2006, Pate 2006, Stamison 2006). Sjølv om uniformering også kan sjåast på som symbol på medlemskap i ei gruppe (Joseph 1986), representerer både uniformsordningar og klesreglar *restriksjonar på klede*, dersom ordningane er obligatoriske.

Ei vanleg oppfatning er at klesreglar er ei ordning som kan fungera som eit kompromiss, eller ei mild form for skuleuniform. Samtidig skiljer klesreglar seg frå uniform, ved at dei er *forbod* mot særskilte klesplagg eller former for klede, i motsetning til uniformering, som er *påbod* om bestemte klede. Desse kategoriane av retningslinjer er grader av restriksjonar på klede, som i studiar gjerne blir målt opp imot situasjonar utan restriksjonar.

Ifølgje Linda A. Fosseen (2006: 79-82) blir desse kategoriane ofte blanda saman på ein uheldig måte. Ho skiljer mellom to ulike former for klesreglar, og skisserer fire kategoriar av retningslinjer når det gjeld restriksjonar på klede: (1) Ingen restriksjon, (2) generelle klesreglar, (3) spesifikke klesreglar (standardklede), og (4) logouniform (skuleuniform i denne samanhengen, *ibid*: 86-87).

Den første kategorien, hevdar ho, er uvanleg i skulen i USA. Det er mange skular som er liberale, og som ikkje omtaler retningslinjene sine som klesreglar, men det er i praksis få som ikkje praktiserer restriksjon i det heile. Dei fleste skulane har i praksis ei eller anna form for restriksjon, til dømes på kor korte jentene sine skjørt kan vera, eller på politiske symbol som sympati med rasistiske grupper og liknande, slik at dei då i realiteten tilhøyrer den neste kategorien.

I kategorien *generelle klesreglar* (2) plasserer ho skular som har eit forbod mot einskilte typar klede, til dømes klesplagg som hijab eller *baggy*<sup>1</sup> bukser, symbolske uttrykk som tatovering, hårfarge, eller liknande. Dette er den vanlegaste kategorien blant skular i USA.

Den tredje kategorien, standardklede eller *særeigne klesreglar*, blir, ifølgje Fosseen (2006), ofte forveksla med skuleuniform. Dette er, på same måte som skuleuniformane, eit uttrykt påbod om spesifikke klede. Bruk av standardklede ved ein skule inneber på den andre sida kun at elevane har like klede, ikkje klede som symboliserer nokon form for identitet med ein spesifikk skule, slik som uniform. Fosseen legg i si forskning vekt på denne skilnaden, og bruker standardklede som ein kontrollerande variabel ved uniformering.

Logouniforma (4), eller *skuleuniforma* i denne samanhengen, er eit påbod om spesifikke klede, som har ein distinkt utsjånad eller ikonografi, gjerne med ein logo, eit emblem, eller liknande, som identifiserer brukaren av klednaden med ein spesifikk skule. Fosseen (2006) utdjupar dette slik: "A school name, school name initials, or a school-identified graphic (mascot, etc) printed or otherwise attached to an article of clothing could be considered a

---

<sup>1</sup> Jamfør Webster Concise Dictionary (1997): baggy 1. Loose or ill-fitting ('laus' eller 'som ikkje passar')

logo: It identifies a specific school and can communicate information about the school to wearers and observers alike.” (ibid: 87).

Fosseen (2006) ser på desse fire kategoriane som både gradsmessig og prinsipielt ulike. Kategori 1 er til dømes mindre restriktiv enn kategori 2, og kategori 3 er meir restriktiv enn kategori 2. Samtidig skiljer logouniformen seg prinsipielt frå standardklede. Logouniform er kjenneteikna ved eit samlande symbol, og skapar dermed ei ny sosial mekanisme. Fosseen meiner dessutan at skiljet mellom desse to kategoriane er viktig, og at det er uheldig at dei i mange studiar blir samanblanda, på den måten at begge blir omtalte som skuleuniform.

Eloise Hughes (2006: 61) utdjupar også skilnaden mellom dei to kategoriane, ved å peika på den tradisjonelle uniforma og meir avslappa former for uniform: ”School leaders who select these more casual uniform policies may refer to the uniform as a ”mode of dress” rather than using the term ”uniform”.”. Hughes legg såleis, på same måte som Fosseen (2006), vekt på at desse kategoriane er ulike, men det er mange forskarar som ikkje legg vekt på dette skiljet i like stor grad, til dømes Brunsma (2004).

## **2.2. KORT HISTORIKK OM UNIFORMERING I SAMFUNNET**

Ifølgje Rubinstein (2001: 84) blei det normalt for medlemmer av den medisinske profesjonen å kle seg i kvit uniform i byrjinga av 1900-talet. Dette kan igjen sjåast i lys av tendensen til spesialiseringa innan ulike yrkesgrupper, jordbruk, handel og industri, yrke som var i ferd med å danna sjølvstendig status allereie så tidleg som 1050. Uniform oppstod som ein mekanisme for å sentralisera autoritet, identifisera hierarki, og hevda ekspertise overfor eit spesifikt kunnskapsområde. Innan det religiøse kunne uniforma vera med å representera eit verdsbilete der kvar einskild person hadde ein spesifikk posisjon i universet skapt av Gud (ibid: 92)

Frå 1000 til 1350 var det i hovudsak to typar uniform innan den religiøse sfæren, den monastiske og presteklede. Den monastiske uniforma var ofte laga av røft og ubehandla tøy, for å symbolisera fattigdom, asketisme, og avhald frå materiell luksus. Dei katolske prestekleda bar preg av utsmykking som symbol for det opphøgde ved Gud, og tilsvarte det militære hierarkiet ved at pave, kardinalar og biskopar var kledde annleis enn dei geistlege lenger nede i hierarkiet.



Innan den økonomiske sfæren på 1300-talet blei uniform ofte brukt som symbol for samhald og identitet i kvart enkelt laug. Skomakarane hadde til dømes ei anna uniform enn lappeskomakarane, ettersom dei utøvde ulike oppgåver. Skomakarane lagde sko, mens lappeskomakarane reparerte sko. Dei som ikkje blei innvigde i laugget fekk heller ikkje gå med uniform.

Uniform har også lang tradisjon i retts- og militærvesenet. I middelalderen blei det juridiske i stor grad teke hand om av kongar, fyrstar, føydalherrar og nobelmenn. Men ettersom byar blei større, og eit meir organisert rettsapparat som krevde meir spesialisert kompetanse oppstod, fekk også det juridiske apparatet sjølvstendig status. Med denne spesialiseringa kom også uniformer som symboliserte autoritet på kunnskapsområdet. På 1400 og 1500-talet fekk dommarar høg status som utøvarar av kongen si vilje, og som personar som kunne avgjera skjebna til mange menneske. I England har til dømes dommarane høgast oppe i systemet heilt fram til nyleg vore kledd i purpurraud silke (ibid: 97).

I det militære blei uniform brukt så tidleg som i 1458 av jarlen av Warwick, som krevde at mennene hans blei kledde i raude jakkar med brodert merke. Den engelske kong Henry VII kledde soldatane sine i kvit sateng, og uniformene blei sett på som så vakre at dei vekte ærefrykt hos fienden: "(...) uniforms so dazzling that the uniforms themselves were expected to intimidate the enemy." (Rubinstein 2001: 98). Då det militære i England spreidde seg til sjøfarten utover på 1700-talet, blei den karakteristiske blå klesdrakten introdusert. Det kom tidleg protestar frå offiserar, ettersom denne klesdrakten kunne bera preg av arbeidarklassen sine enkle klede. Som eit resultat av dette blei offisersuniforma, med gullfarga emblem, introdusert i 1775. (ibid: 98)

## **2.3. UNIFORMERINGA SI ROLLE I SAMFUNNET**

Uniform har altså vore brukt både i det militære og det sivile, heilt tilbake til 1000-talet. Uniformering har bore brukt både til kontroll, konformitet og tvang, og som del av både det moderne og det postmoderne samfunnet.

### **2.3.1. Uniformering som kontroll, konformitet og tvang**

Nathan Joseph (1986:66) forklarar at uniformering kan vera ein reiskap som blir brukt av organisasjonar til å skilja medlemmer frå ikkje-medlemmer, og for å informera aktørar og observatørar om kva for åtferd som er passande. Ruth P. Rubinstein (2001) utdjupar dette med

å påpeika at uniformeringa siktar mot felles organisatoriske mål: "The uniform serves to integrate wearers into a cohesive unit that will act to ensure that organizational goals are attained" (ibid: 85).

Ein effekt og ein føresetnad for "kanaliseringa" mot felles mål, er eit visst nivå av individuell undertrykking og konformitet, men samstundes blir motstand mot konformitet framprovosert i langt større grad, som følgje av dei tydelege rammene rundt den definerte gruppa: "Although resistance to conformity exists in all groups, the problem looms larger for uniformed groups because uniform regulations are usually much more precise than other types of norms." (ibid: 68). Den tradisjonelle symbolske funksjonen ved uniforma er ofte assosiert med det militære, men uniform er også mykje brukt innan sivile yrkesgrupper, som til dømes helsepersonell eller politi, der organisasjonen autoriserer medlemmene til å handla på organisasjonen sine vegne, ved å tillata dei å gå med organisasjonen sin uniform.

Uniformering i det sivile er også historisk vanlegare i urbane samanhengar enn i rurale. Etersom byen er prega av sosial interaksjon mellom framande, blir identifikasjon av personar i ulike grupper ofte ein føresetnad for eit velfungerande samfunn. På landsbygda er gjerne den lokale politimannen kjend blant dei fleste av innbyggjarane, mens bylivet gjer uniform til eit naudsynt symol, som viser aktørane kven dei har med å gjera.

Joseph (1986:74) viser også til den gjensidige effekten uniformering har på personar i ei uniformert gruppe, eller mellom uniformerte grupper. I eit psykologisk eksperiment ved Stanford University i 1971 blei 24 studentar delt inn i to grupper, som høvesvis fengselsbetjentar og fangar. Fengselsbetjentane var kledde i formelle, "sømelege" uniformer, mens fangane blei ikledde "usømelege", nedverdige klede (ibid: 74). Det var mange andre rammer rundt eksperimentet, men, hevdar Joseph, "Both types of clothing greatly reinforced the respective behaviors" (loc.cit.).

Uniformering kan også medverka til å skilja mellom ulike nivå eller divisjonar innan ei gruppe. Joseph (1986) bruker israelske fallskjermjegrar som eit døme der uniforma blei brukt som eit symbol på erfaring. Etter fem hopp fekk fallskjermjegrane bruka vinger på skuldrene, etter sju hopp fekk dei bruka raud beret, og så vidare. Joseph meiner at denne elitedanninga er ein dialektisk prosess: "elites attempting to dissociate themselves symbolically from the mass which tries to join them or form their own selected groups." (ibid: 77).

Joseph (1986) forstår omgrepet uniform som eit sameinande symbol, som ein kontrollmekanisme, og i stor grad som ein reiskap for å oppretthalda konformitet og disiplin. Eit relevant spørsmål her er om ein kan sjå Joseph si vinkling som ei tilnærming som primært skildrar uniforma sin funksjon *i det moderne*.

### **2.3.2. Uniformering som del av eit modernitetsprosjekt**

Michel Foucault (1994) skildrar eitt av hovudtrekka ved "det moderne fengsel", slik det vaks fram i det 17. og 18. århundret.

[De metoder] som muliggjør en omhyggelig kontroll av kroppens operasjoner, og sørger for at kroppens krefter stadig underkues og tvinges til å være føyelige og nyttige – dette er det som kan kalles å holde "disiplin" (ibid: 126).

I analysane til Foucault prøver han å visa ei ny form for kontroll overfor lovbrytarar, der dei styrande ikkje lenger kontrollerer ved å spre frykt, men ved å *disiplinera* enkeltindividet. Det er eit "arkeologisk prosjekt" som er retta mot "historiske ruiner" (Eriksen 2000: 254), og ei skildring av ein vesentleg del av det moderne prosjektet, slik Eriksen (loc.cit.) tolkar det.

Uniformering kan sjåast som ein viktig komponent i den dressuren av kroppen som Foucault (1994: 155) skildrar, og såleis som eit utslag av det moderne synet på individ og samfunn, som blant andre Bauman (1997, 2001) og Giddens (1997) skisserer. Ein av dei mest klargjerande skildringane av det moderne mennesket, finn ein i Riesman (2001/1961) sitt omgrep om den indrestyrte personlegdomstypen, slik til dømes også Walter T. Anderson (2000: 43) tolkar den indrestyrte personlegdomstypen som uttrykk for det moderne sjølv.

I det indrestyrte miljøet blir born oppseda til ein dydig indre karakter, heller enn til dydig oppførsel (Riesman 2001/1961: 40). Verdien av storfamilien forvitrar, til fordel for kjernefamilien, som ein konsekvens av at individet i det moderne samfunnet lever i ei stadig meir mobil verd. Institusjonar blir ein viktig del av livet, og dette fordrar i aukande grad konformitet til institusjonelle, kognitivt funderte hierarki, til skilnad frå det i utgangspunktet biologisk funderte familiehierarkiet, som det tradisjonsstyrte mennesket retta konformiteten mot. I det den indrestyrte personen kjem "ut av kurs", oppstår det ei skuld kjensle, ifølgje Riesman (ibid: 24).

Craik (2001: 154) påpeikar at det gjev mening å sjå uniformering som eit utslag av den moderne systemtenkinga. Individet, i den grad det uttrykkjer konformitet, rettar denne mot

system, institusjonar og konstruerte hierarki, på same måte som soldatane som Foucault skildrar. Uniforma kan sjåast som ei ramme for kontrollerte omgjevnader.

Såleis kan det tenkjast at uniformering kan ha fungert som eit ledd i ein undertrykkjande prosess overfor individualitet i det moderne samfunnet. Uniformeringa i det postmoderne samfunnet, derimot, er annleis.

### **2.3.3. Uniformering i det postmoderne**

Jamvel om Riesman (2001/1961) ikkje bruker omgrep som høgmoderne eller postmoderne, representerer den ytrestyrte personlegdomstypen han skildrar, ein persontype som markerer slutten på modernitetsideala. Der den indrestyrte rettar konformiteten inn mot foreldre og etablerte instansar, er den ytrestyrte retta mot ein større sosial omgangskrins. På same måten som bornet i det indrestyrte miljøet blir oppmuntra til å danna ein standhaftig, indre karakter, blir bornet i det ytrestyrte miljøet oppmuntra til å vera flink til å skaffa seg vener og eit sosialt nettverk. Den ytrestyrte personlegdomstypen har føresetnadane som trengst for å lukkast i eit nettverkssamfunn, slik Manuel Castells (2000: 21) skildrar det. Den ytrestyrte handlar ikkje lenger innanfor rammene av ein nasjonalstat, men er *kosmopolittisk* orientert: "The other-directed person is cosmopolitan" (Riesman 2001/1961: 25). Zygmunt Bauman (2000:211) skildrar også nasjonalstaten og statsstyret si "skilsmisse" i vår tid. Folket sin vilkårsause lojalitet til det nasjonale var eit fenomen som høyrte til moderniteten.

Bruken av uniform har i dei siste århundra, også i det moderne, ofte blitt sett i samanheng med kontroll og disiplin i det militære, som ein nasjonal instans. Spørsmålet er kva rolle uniformeringa skal spela etter det moderne – i den ytrestyrte personlegdomstypen sin tidsalder.

Craik (2005: 155) skildrar den postmoderne rolla til uniform som "synlege teikn som uttrykkjer sjølvkontroll, ansvar, status, og spesialistroller". I det høgmoderne eller postmoderne kan uniformering sjåast som symbolske rammer i ein nettverksbasert kvardag, der personane elles styrer retningslaust ut frå "radarar" (ibid: 25). For den ytrestyrte personlegdomstypen blir uniformering opplevd som eit steg tilbake til rigid karaktertenking, og kan sjåast som eit reaksjonært tiltak. På den andre sida kan uniformering gje ein samlande og retningsgjevande symbolikk, og dermed erstatta den indrestyrte sin kapasitet til å *go it alone*, som Riesman formulerer det (ibid: 25).

### 3. UNIFORMERING I SKULEN - MOGLEGE EFFEKTR

Som førre kapitlet var inne på, utgjer unifomeri*ng ei av fleire* former for restriksjon på klede i skulen. Andre former for restriksjon på klede fell gjerne i kategoriane generelle eller særeigne klesreglar, jamfør Linda A. Fosseen (2006) si inndeling. Men alle desse kan sjåast på som *tiltak overfor* eitt eller fleire problemområde i skulen, som til dømes for lite disiplin, for stor skilnad mellom fattig og rik, og så vidare. Dette kapitlet vil skissera moglege effektar av slike tiltak i skulen, med særleg vekt på uniformering. Dei ulike typane effektar er delte inn i tre kategoriar, som er meint å klargjera kva for prinsipp som ligg til grunn for bruk av ulike argument i debatten om skuleuniform.

Den første kategorien femner om problemstillingar som viser til dei moglege *sosiomaterielle effektane* av uniformering. Gjennom ulikt materiell i samfunnet blir omgjevnadane forma på ulike måtar. Ettersom uniform skiljer seg fundamentalt frå private klede, blir personane også forma eller *sosialiserte* på måtar som skiljer seg frå den private sfæren. I den andre kategorien finn ein argument som viser til dei effektane uniformering har på *ytringsfridom og integrasjon i samfunnet og i skulen*. Personlege uttrykk gjennom klede kan sjåast som ytringar. Det å tillata ulike former for ytringar i samfunnet kan tolkast som inkluderande overfor grupper som skiljer seg ut, og kan slik sjåast som ein føresetnad for integrasjon. På den andre sida kan fri bruk av personlege klede som har symbolsk verdi, tenkjast å verka negativt inn på integrasjon. Dette gjeld til dømes dersom grupper som skiljer seg ut kulturelt eller sosialt dannar egne småsamfunn. Dette kan skapa ein distanse mellom gruppa og samfunnet, som fører til at dei kjenner seg framande i forhold til verdiane og retningslinene i samfunnet rundt dei. I den siste kategorien kjem argument som handlar om *praktiske omsyn* relatert til uniformering i skulen. Her finn ein til dømes problemstillingar som er relatert til tidsbruk, økonomi og miljøspørsmål.

Det er ikkje tette skott mellom desse kategoriane, så somme argument kan høyra til i to kategoriar: Dersom uniformene er dyre, er dette til dømes noko upraktisk, som er ei generell ulempe for elevar og familiar deira. Det er då eit argument mot eit eventuelt uniformstiltak, basert på *økonomi* som eit praktisk omsyn. Her vil dette likevel først og fremst bli behandla som ei problemstilling relatert til økonomisk integrasjon, det kan til dømes medverka til å hindra born frå fattige familiar å delta på skuleturar.

På same måten er det ein skilde argument som ligg innbakt i andre argument. Eit døme på dette er åtferd. Åtferd kan tenkjast å bli positivt eller negativt påverka av mange faktorar. Til dømes kan auka fellesskapskjensle som følgje av uniformering føra til betra åtferd fordi elevane får auka motivasjon til å samarbeida med lærarar og elevar. På den andre sida kan uniformering tenkjast å svekka personleg fridom til å uttrykkja seg, slik at elevane tyr til opprørsliknande åtferd.

### 3.1. SOSIOMATERIELLE EFFEK TAR AV UNIFORMERING I SKULEN

Dag Østerberg (1993) forklarar omgrepet materiell på følgjande måte: ”Det som skiller *materiell* fra *materie*, er at materiellet bærer preg av handling, hva materien ikke gjør. Materie preget av praksis er materiell. Materiellet viser både hen til fortiden og til fremtiden.” (ibid: 129).

Materiell er avhengig av både materie og praksis. Menneske som handlar i eit rom, blir automatisk utsett for rommet sitt materiell. Men materiellet utgjer også ein syntese av dei fysiske rammene, materialiteten, og eit teiknaspekt, signitiviteten. På den eine sida dannar materiellet fysiske rammer for praksis, mens det i form av signitiviteten utøver ein kommunikativ påverknad på dei som handlar i materiellfeltet (loc.cit).

Eit døme på ein studie av sosialisierende materiell i skulen, er Hans Petter Ulleberg (2002) sine analysar av skulebygget som disiplinerande materiell. Omgrepet disiplinering har Ulleberg henta frå Michel Foucault (1999), som bruker dette omgrepet om korleis den ein skilde borgaren blir forma av omgjevnadane, materiellet, til ei bestemt åtferd. Boka ”Overvåkning og straff” (Foucault 1999) kan sjåast på som eit forsøk på å kartleggja og avdekka dei mekanismane som inngår i disiplinering, gjennom ei rekkje historiske døme.

Ulleberg (2002) skildrar den kommunikative påverknaden som ligg i materiellet: ”Materiellet har [...] en påvirkning gjennom det stivnede meningsinnholdet det er bærer av.” (ibid: 1). Han utdjuar denne påstanden i ei førelesing med namnet ”Skulebyggets arkitektur som ramme for sosialisering”:

Det har seg jo slik at skulebygget og skolegården blir gitt bestemte former, bestemte innredninger, en bestemt arkitektur. [...]. Det er [...]av interesse å se hvordan pedagogikk og skoleanleggets arkitektur samhandler. Hvordan er sammenhengen mellom pedagogikk og arkitektur? (ibid: 1)

På same måte som det sosiomaterielle verkar inn i forholdet mellom pedagogikk og arkitektur, kan det også tenkjast å verka inn i forholdet mellom *pedagogikk* og *kleda* som blir

brukt i skulen. Eit spørsmål her er korleis uniformering påverkar miljøet, og korleis uniform verkar som *sosialiserande materiell* i skulen.

I debattar om skuleuniform, til dømes den i USA, finn ein påstandar som at formelle klede kan gje elevane ei kjensle av læringsfokus, at det gjev elevane ei ordenskjensle som forbetrar åtferd, eller at det skaper lagånd blant elevane (Cruz 2001, Brunnsma 2004). Dette kan tolkast som påstandar om at uniform verkar sosialiserande i eigenskap av å vera eit bestemt materiell, på lik linje med skulebygningar (Ulleberg 2002), eller bygningar i eit bybilette (Østerberg 1998). Klede dannar ytre rammer for sosialiseringa i skulen og i samfunnet. Denne delen av kapitlet vil skissera nokre sosiomaterielle effektar av uniformering, på ulike sider ved skulen.

### **3.1.1. Orden og disiplin**

Eit argument som blir brukt for uniformering i skulen, er at distraksjonar på grunn av ulike klede blant elevane blir fjerna. Positivt formulert blir argumentet at uniformering skaper eit meir ordna klima eller ein meir *ordna atmosfære*, som Asbjørnsen, Manger og Ogden (1999) også nemner som ein føresetnad for eit læringsfremjande miljø, som igjen er ein føresetnad for effektiv læring:

Dette handler om klimaet i læringsmiljøet slik det oppfattes av elevene. To viktige aspekt ved dette klimaet er en ordnet atmosfære og et attraktivt arbeidsmiljø. En ordnet atmosfære er det motsatte av et kaotisk skolemiljø, og kjennetegnes av arbeidsro og arbeidsorientering. (Ibid: 167).

Cruz forklarar korleis forkjemparar for uniformering oppfattar det som positivt for orden og disiplin:

Supporters say that uniforms may improve academic performance because they promote a more scholarly environment. More formal clothing puts students in the right mind-set to learn. Teachers say that since the learning climate is improved, they can focus more on teaching and less on discipline problems. (ibid: 36)

Cruz siterer også ein 12-årig elev, som skildrar denne ordenskjensla: "I like wearing uniforms. [...] it forces us to concentrate more on our school work than on what everybody else is wearing" (ibid: 34).

Ordensargumentet er likevel ikkje berre brukt i samband med læringsmiljø og akademiske prestasjonar. Brunnsma (2004) peikar på at åtferdsproblem er den vanlegaste grunngevinga for å innføra skuleuniform ved dei offentlege skulane i USA: "The number one reason given for the implementation of uniform policies in public schools is that they will work to somehow decrease the incidence of school violence and misbehavior at the school building." (ibid: 82).

Cruz (2001) siterer ein ekspert på tryggleik i skulen, som peikar på det biletet som kleda projiserer på omverda: "To many in the community, a school uniform is a symbol of education, projecting a positive rather than a negative image" (Cruz 2001: 38). Ein annan forelder meiner at elevar som er godt kledde også oppfører seg bra: "Our theory is that when a child is dressed nice, he acts better" (loc.cit.).

I ein av president Clinton (1996) sine "State of the Union" -taler finst også denne samankoplinga mellom åtferd og uniformering: "I challenge all our schools to teach character education, to teach good values and good citizenship. And if it means that teenagers will stop killing each other over designer jackets, then our public schools should be able to require their students to wear school uniforms" (Clinton 1996: A3). Clinton meiner altså at uniformering på eitt eller anna vis kan medverka til betre åtferd blant elevane, og viser til ein karakterskapande effekt som han tillegg uniformering i skulen.

### **3.1.2. Profesjonskjensle**

Elevar ved skular med uniformering møter ei anna framtoning i utsjånad blant medelevar og lærarar, enn kva dei gjer på fritida. Kleda er meir formelle, og mange meiner at dette skiljet er viktig. Elevane får ei kjensle av at dei er i ein læringssituasjon, ein situasjon som fordrar ein prinsipielt annan type situasjon enn den dei er i på fritida.

Ein lærar i matematikk, Matt Wennerstein (2008), forklarar korfor han meiner både lærarar og elevar bør bruka uniform: "I [wear uniform] because it helps me approach the work place in the right frame of mind. If I'm wearing a tie, I act differently than if I'm wearing a tie-die T-shirt. And I support the uniform because I think that it promotes better education among our students." (2008: 46). Wennerstein er lærar, men bruker uniform, sjølv om han ikkje er pålagt dette, fordi det gjev han ei kjensle av at dei passende *rammene* rundt arbeidet han skal utføra, er til stades når han bruker uniform.

### **3.1.3. Fellesskapskjensle**

Forkjemparar for uniformering hevdar ofte at homogene klede kan vera med på å skapa lagånd blant elevane, ei kjensle av å vera stolt over den skulen dei representerer. Cruz (2001) kommenterer denne moglege effekten av uniformering: "Uniforms may also promote school spirit. In some schools, uniform pride has developed, as students feel their uniforms set them apart from other schools." (ibid: 37). Ho viser til erfaringane til ein rektor i Kansas City,



Missouri: "The children feel good about themselves as school uniforms build a sense of pride" (ibid: 37).

Craik (2005) omtaler også fellesskapskjensla som ein måte for privatskular og religiøse skular å reklamera for og markera andre verdiar enn offentlege skular som ikkje praktiserer uniformering: "School uniforms have become an important and effective selling point for private and religious schools as a way of establishing the values of the school: pride, a sense of community, dicipline and success." (ibid: 56).

Sharon S. Pate (2006) viser til Shaw og McKay (1942), som hevda at mangel på sosial organisering i nærmiljøet var ei årsak til kriminalitet blant born. Pate (2006) påpeikar at førebyggjing av kriminell åtferd også har vore ein viktig årsaksfaktor for innføring av skuleuniform ved mange urbane skuledistrikt i USA: "In an effort to change both the impression a person makes on others and resulting competition or criminal interaction patterns, many school districts have mandated a school uniform to improve the school environment." (ibid).

Fosseen (2006: 105) peikar på ein viktig samanheng mellom slektskap, omsorgsrelasjonar og borns læring, og viser til tidlegare studiar av Erikson og Maslow. Uniformering kan vera med å skapa ei kjensle av å høyra til ei gruppe, som kan samanliknast med kjensle av slektskap, som har vist seg å kunna påverka læringseffekten. Denne kjensla av å "vera på lag", hevdar Fosseen, fostrar ein indre motivasjon og ei sterk kjensle av identitet og personleg autonomi, og det framhever blant anna sosial kompetanse og engasjement overfor skulen. Mangel på ei slik kjensle, fører på den andre sida til psykologisk framandgjeri og isolasjon, som kan føra med seg ei rekkje problem i klasseromsmiljøet (ibid). Denne sida ved uniformering i skulen kan ein kanskje også sjå i samanheng med Lev Vygotsky sitt omgrep om sosiobiologiske linjer i born sin personlegdom (Imsen 1998: 155), dei gjensidige verknadane av miljø og biologi på born si utvikling.

Samanhengen mellom kjensla av å høyra til ei gruppe, og samarbeidsmotivasjon, er også dokumentert andre stader. Gaulin og McBurney (2001) forklarar mellom anna at kjensler og motivasjon, til dømes motivasjon for samarbeid, er tett bundne saman, og at ein ikkje kan forklara den eine mekanismen uavhengig av den andre (ibid: 258). Det er også vist at kjensla av slektskap er fundamental for motivasjon hos menneske, og er ein viktig føresetnad for samarbeid: "Kin are more likely to help each other than are non-kin." (ibid: 321). Dette kan

vera med å kasta lys over samanhengen som Fosseen (2006) påpeikar, mellom læring og slektskap.

Ei vanleg oppfatning blant foreldre og skuleadministratorar, er dessutan at uniformering i skulen kan vera med og hindra at elevar knyter identiteten sin til kriminelle gjengar, eller til mote, og at det på denne måten kan forbetra skulemiljøet (Pate, 2006: 5). Slik sett kan også tryggleik sjåast på som ein effekt av auka fellesskapskjensle.

### **3.1.4. Sivilisert veremåte**

Richard Sennett (1977) skildra korleis det moderne samfunnet påverka bruken av klede tidleg på 1800-talet. På denne tida hadde industrialiseringa i den vestlege verda breidd om seg, og arbeidarane opplevde eit behov for å skilja mellom det private og det offentlege livet, ettersom store delar av kvardagen deira blei brukt saman med framande personar. Såleis blei standardiserte klede ein måte å dekkja seg til på, ein måte å skjula det private sjølvvet: "Appearance was a cover for the real individual hiding within.". Dei standardiserte kleda skapte såleis ein buffer mellom det offentlege og det private sjølvvet. Dette skiljet har, ifølgje Sennett, etterkvart forsvunne. I moderne tid har det personlige og private teke steget inn i den offentlege sfæren i vestlege samfunn.

Dette er i stor grad ein kritikk mot mediene og det politiske livet, men det er også ein generell samfunnskritikk. Sennett skildrar ei tiltakande frykt for det offentlege livet, som greip om seg i løpet av 1900-talet: "Som et resultat av den enorme frykten for det offentlige liv som grep om seg i forrige århundre, har vi fått svekket sansen for menneskelig viljekraft." (ibid: 7). Resultatet er ifølgje Sennett ei intimisering av den offentlege sfæren, som igjen fører til svekka demokrati og mindre handlekraft i møte med samfunnsproblem: "Jo mer folk forestiller seg det politiske området som en mulighet for å åpne seg selv for andre ved å ta del i en felles, kollektiv personlighet, desto mer ledes de bort fra å bruke fellesskapsfølelsen til å forandre de sosiale betingelsene de er underlagt." (ibid: 8).

Denne påståtte intimiseringa av det offentlege rommet får konsekvensar for oppfatninga av sjølvvet: "Selvet forstås ikke lenger ut fra mennesket som handlende og skapende; nå består det av intensjoner og muligheter." (ibid: 12). Sennett forklarar vidare korleis samfunnet etter hans oppfatning mistar den siviliserte veremåten i denne prosessen:

Hvorledes skades samfunnet ved at alle deler av den sosiale virkeligheten måles ut fra psykologiske målestokker? Det frarøves sin siviliserte væremåte. Hvorledes skades selvet ved at det fratras et meningsfullt upersonlig liv? Det mister evnen til å uttrykke en form for kreativitet som alle mennesker potensielt sett er i besittelse av – evnen til å leke og spille roller – men som krever omgivelser som ligger fjernt fra selvet for at de skal kunne virkeliggjøres. Slik gjør intimsamfunnet individet til en skuespiller som er fratatt sin kunst. (ibid: 13)

Sennet definerer den siviliserte væremåten som: ”(...) den aktivitet som beskytter folk for hverandre og likevel tillater dem å ha glede av hverandres selskap. Å bære maske er kjernen i den siviliserte væremåte.” (ibid: 14).

Rubinstein (2001) oppsummerer Sennett si oppfatning av klede i denne sammenhengen: ”Clothing, as Sennett sees it, provides a buffer between the public and the private self.” (ibid: 3).

Henriksen & Vetlesen (2006) forklarer at sosial distanse er ein føresetnad for empati mellom to personar. Dette blir illustrert med ei historie om eit møte mellom ei kvinne og dotter hennar: ”Eline kommer til moren for å vise sorgen over morfarens død og for å få trøst. Moren overveldes av Elines sorg; hun overtar den og begynner selv å gråte. Moren deler Elines sorg ved å bli smittet av den. Hun kopierer den, slik at hennes egen tilstand og følelse blir ett med morens.” (ibid: 99). Henriksen & Vetlesen (2006) meiner at mora med denne reaksjonen sviktar bornet. Bornet treng ei forsikring om at den subjektive røynda som det opplever, faktisk *er* verkeleg. Først då kan bornet utvikla ei sunn ansvarskjensle: ”Det kan identifisere seg med hva det fornemmer, tolker, erfarer – og meddeler andre. Men ansvar for hva den andre ”gjør” med den meddelte egne følelsen, *det* er noe annet og noe et lite barn ikke bør belastes med.” På denne måten blir mangelen på sivilisert åtferd noko samfunnsskadeleg, og noko som kan verka skadeleg på eit mellommenneskeleg nivå for det enkelte bornet.

Dersom ein følgjer tankegangen om at klede fungerer som sosialiserande materiell overfor omgjevnadane, blir det nærliggjande å sjå unifom og personlege klede som symbolske representasjonar av offentleg og privat sfære. Det går ein tydeleg parallell frå det formelle ved dei standardiserte kleda som industriarbeidarane brukte på 1800-talet, og til uniformering i skulen. Uniformene skjuler det personlege og held såleis oppe eit offentleg ytre.

Samstundes vil somme meina at dei private og personlege uttrykka som ligg i elevane sine private klede, er ein del av ei samfunnsskadeleg intimisering av det offentlege, parallelt med den intimiseringa som Sennett skildrar elles i samfunnet. Dei som er samde med Sennett kan

derfor sjå på skuleuniform som eit naudsynt tiltak for å motverka denne intimiseringa, og for å sivilisera skulen.

Industriarbeidarane som levde i byrjinga på 1800-talet, og som Sennett skildrar, brukte standardiserte klede for å skjula det eigentlege sjølvet. Eit anna spørsmål er om elevar i skulen i dag på same måte bør bruka meir formelle klede, for å gjenoppretta skiljet mellom det offentlege og det private.

### **3.2. UNIFORMERING I SKULEN: MOGLEGE EFFEKTRAR PÅ YTRINGSFRIDOM OG INTEGRASJON**

Parallelt med debatten om skuleuniform i USA og i andre land, har det gått føre seg debattar om bruk av ulike former for *symbol* i skulen skal vera tilletne. Gereluk (2008) bruker omgrepet symbol om klede, gjenstandar eller utsmykking som symboliserer noko ved identiteten til eit individ. For at klede skal kunna kallast symbol må dei ha *eit klart, kommuniserande innhald utover mote eller spesielle preferansar i klesvegen* (ibid: XI), poengterer ho. Dette femner om religiøse klede eller symbol, symbol som symboliserer sympati med politiske grupper, eller klede med slagord og logoar tilhøyrande ei sosial gruppe.

Problemstillingane som er relatert til symbolske klede finn ein igjen i debatten om uniformering i skulen. Eit spesifikt forbod mot ein type symbolske klede utgjer til dømes ei form for klesreglar, men ein annan måte å hindra bruk av symbolske klede på, kan vera gjennom ei ordning med standardklede eller uniform. Det finst også døme, særleg frå England ("Begum case" i McGoldrick 2006: 180), på at det er lov til å gå med symbolske klede *i tillegg til* uniform. I dette høvet blir det symbolske utjamna eller undertrykt, som følgje av klesreglar, men ikkje som følgje av uniformering. Dette er likevel ikkje representativt for retningsliner for uniformering, og kan seiast å vera resultat av at England har svært lange tradisjonar med uniformering, *samtidig* som dei har ei liberal haldning overfor symbolske uttrykk blant innvandrarar.

Når ein derimot tar med alle former for restriksjon på klede, blir den personlege valfridomen til personane det gjeld, innskrenka. Dette finn ein derfor igjen som eit problemområde både med omsyn til klesreglar som tiltak mot symbolske klede, og uniformering.

Debatten om symbolske klede utgjer berre ei side ved debatten om unifomerung i skulen. Uniformering har til dømes blitt brukt som tiltak mot mobbing, gjengdanning, uryddig

læringsmiljø (Brunsma 2004), som igjen kan sjåast på som uheldige effektar av symbolske klede. Ein verdi som personleg fridom, som femner om tema som individualitet, kreativitet og overformynderi, er relevant for mange i debatten. Dette gjelder også ulike former for integrasjon, og korleis desse formene kan bli påverka av uniformering eller andre restriksjonar på klede.

### **3.2.1. Personleg fridom: Individualitet og kreativitet**

I kjølvatnet av dei første erfaringane med uniformering i den offentlege skulen i USA uttalte William Olds, som representant for ein organisasjon som arbeider for ytringsfridom, Connecticut Civil Liberties Union, at uniformering i offentlege skular var "blatantly unconstitutional" (Brunsma 2004: 18). Dette er eit døme på at spørsmål om ytringsfridom er relevant i debatten om skuleuniform, og at klede blir sett på som ytringar. Eit anna tema er den reduserte valfridomen, eller også kva for motiv for tiltaket dei styrande har for tiltaket.

Det kan hevdast at det personlege uttrykket som ligg i kvar einskild elev sine klede, er viktig for eleven sin individualitet. Cruz (2001) siterer ein elev i San Diego: "Teachers say they want us to be different, and then we all have to dress the same way." (ibid: 47). Dette kan også vera ei innvending mot argumenta om at skuleuniform kan skapa ei ordenskjensle i skulen, på den måten at mangfaldet er ein viktig føresetnad for ein skule som legg vekt på kreativitet og toleranse for ulikskap (Hughes 2006: 59). Såleis kan ein sjå på uniformering som at ein byter ut ein naudsynt atmosfære med ein annan. Mangfaldet som skaper kreativitet som reiskap for læringsmiljøet, og toleranse som føresetnad for god åtferd, blir erstatta med orden.

Mange hevdar også at uniformering fråtar elevane ein viktig valfridom som kan vera viktig for å førebu dei på vaksenlivet. Dette kan hemma den personlege utviklinga mot meir sjølvstende og evne til å setja grenser i sitt eige liv. Det uniformerte skulemiljøet blir i denne samanhengen ei utopisk verd, som ikkje reflekterer samfunnet. Sosiologen Ruth P. Rubinstein er av dei som er imot uniformering på dette grunnlaget: "Sociologist Ruth Rubinstein is opposed to school uniforms because she feels that allowing young people to choose their own clothes prepares them for adulthood." (Cruz 2001: 47). Motivet for dette argumentet ligg kanskje også i at uniformering kan ta bort fokuset frå eit autonomt meistringsmotiv, og istaden medverka til at elevane i større grad handlar ut frå eit sosialt prestasjonsmotiv (Imsen 1998: 254). Blant dei som fokuserer på denne innvendinga, blir gjerne ordningar som går i

retning av klesreglar eit meir nærliggjande tiltak, ettersom dette gjev meir rom for personlege val, og er meir i tråd med praksisen på mange arbeidsplassar.

Kritikken av uniformering i lys av yrtingsfridom botnar også i at foreldre hevdar retten til å oppdra eigne born. Cruz (2001) forklarar at foreldrerettar er ein sentral del av problemstillinga: "The conflict between parental rights and school rights is part of the controversy." Ho siterer ein tretten år gammal elev frå USA: "The only people who should tell kids what to wear are their parents – not the school board, community, teachers, or principals. They don't have the right to do that." (ibid: 24).

Ein del av kritikken går også meir generelt på sjølve kontrollmekanismen som ligg i restriksjonen, mot det at samfunnet overstyrer individet ved å leggja føringar for korleis det skal opptre. I denne samanhengen blir den sosiomaterielle kontrollen ved uniformering gjerne sett på som noko indirekte udemokratisk, ved at dei styrande innfører kontrollmekanismer som påverkar folk umedvite.

Som ei innvending til denne kritikken kan ein påpeika at alt materiell jo vil verka kontrollerande gjennom å vera sosialisande, inkludert personlege klede i skulen. Sjølv om einskildindividet der og då står fritt til å velgja sine personlege klede, vil samansetninga av klede til menneska i skulen skapa ei form for atmosfære. I den grad klede som materiell utgjer ein viktig sosialisande mekanisme, kan ein hevda at også denne mekanismen bør kontrollerast, på lik linje med andre sosialisande mekanismer i skulen. Problemstillinga blir då ein del av meir grunnleggjande politiske skilje, mellom liberale og konservative oppfatningar om korleis samfunnet bør styrast.

### **3.2.2. Institusjonalisering**

I mange vestlege samfunn står menn og kvinner stadig meir likt med tanke på arbeidsfordeling i heimen. I mange familiar er derfor begge foreldra i arbeid, og borna tilbringer store deler av dagen i skulen og på skulefritidsordningar. Christian W. Beck (2009: 55) forklarar korleis dette kan få uheldige konsekvensar for born, ettersom dei blir formelt eller planlagt sosialisert i offentlege institusjonar store delar av livet. I lys av dette kan det tenkjast at bruk av uniform vil forsterka dei negative tendensane, ved å leggja til rette for ei ytterlegare *institusjonalisert form* for sosialisering. Somme vil likevel meina at uniform derimot kan redusera kjensla av eit gjennominstitusjonalisert liv, gjennom at uniform skaper

eit viktig skilje mellom det institusjonaliserte livet på den eine sida, og livet med familie og vener på den andre sida.

### 3.2.3. Religiøs og kulturell integrasjon

Ein finn prinsipielt viktige debattar om religiøs eller kulturell integrasjon i skulen og i samfunnet i mange land i den vestlege verda. Det er likevel eit mønster i mediaomtale og i rettsavgjersler, som viser at debattane i størst grad er knytt til (1) *offentlege skular i Europa*, og (2) *bruken av spesifikke religiøse klede*.

I 2004 vedtok den franske regjeringa ei lov som forbaud alle former for bruk av religiøse symbol i skulen (Gereluk 2008: 24). Debatten i Frankrike hadde, som i andre europeiske land, oppstått i kjølvatnet av auka innvandring, og då særleg av muslimske religiøse ytringar i form av bruk av hijab blant muslimske jenter. Grunngevinga for vedtaket frå franske styresmakter var at det skulle slå fast og verna om prinsippet om ein sekulær stat. Den politiske praksisen med eit tydeleg skilje mellom kyrkje og stat har røter tilbake til den franske revolusjonen (Gereluk 2008).

Ein viktig faktor i det franske samfunnet er motsetningane mellom dei ”opphavlege” franske innbyggjarane, og ein stor og aukande del av muslimske innbyggjarar frå andre folkegrupper. Gereluk (2008) peikar på fire hendingar som har vore med å tilspissa desse motsetningane:

(...) increased fear of extremism and fundamentalism in Islamic communities are noticeable, particularly after the attacks of 9/11 in New York and 7/7 in London, along with targeted assassinations in Holland and riots following the Danish cartoon depictions of the prophet Mohammed. (s.16)

Ifølgje Gereluk (2008: 21) var det særleg ei hending i den vesle byen Creil, aust for Paris, som markerte starten på hijabdebatten i Frankrike. Tre jenter blei utvist frå ein skule av rektor, fordi dei hadde hatt på seg hijab i klasserommet. Jentene fekk lov til å gå med skjerf som dekkja nakke og hår i skulegården, men måtte ta av seg dette når dei skulle ha undervisning. Etter tre månaders protest, gjekk jentene med på skulen sine krav, men etter ti dagar byrja jentene igjen å gå med hijab i skulen. Denne hendinga førte til ein større nasjonal debatt om retten til å uttrykkja seg privat i den offentlege sfæren. Det blei til ein verdidebatt om prinsippet om *liberte*, fridom, på den eine sida, og prinsippet om *egalite*, likskap, på den andre sida (ibid: 16).

I 1993 kom ei ny hending som sette fokus på bruk av hijab i skulen, ved at fire jenter blei utvist frå skulen for bruk av hijab (ibid: 23), men denne gongen blei forbodet møtt av protestar frå 2000 jenter, som byrja å bruka hovudplagget på skulen, i solidaritet med dei fire som hadde blitt utvist. Utover hausten 1994 blei 68 elevar utviste frå skulen, og i 1995 vedtok *Conceil d'État*, eit organ som har ansvar for juridiske beslutningar i den franske regjeringa, eit forbod mot bruk av hijab i skulen.

Dette førte til mykje debatt, mellom anna om korfor andre religiøse symbol, som davidsstjerne eller turban, yarmulke eller krusifiks, skulle vera lov når hijab var forbode. Lova verka vilkårlig, og gruppene som blei ramma av lova uttrykte at dei kjende seg krenka. Debatten som oppsto i etterkant, og som haldt fram det neste tiåret, endte i vedtak 15. mars 2004 om å forby alle religiøse symbol (ibid: 24).

Nokre motargument mot vedtaket i 2004 var relatert til born sine rettar til å uttrykkja seg, og dessutan at strenge reglar kan få negative konsekvensar ved at det oppstår nye klasseskiljer ved at ikkje-religiøse born går på offentlege skular, mens religiøse born går på privatskular som er meir liberale når det gjeld klednad (ibid: 38).

Også i England har det vore rettsaker om symbolske klede. Eit døme er saka til Shabina Begum i 2002 (Gereluk 2008: 82), ei muslimsk jente som kjempa for retten til å gå med *jilbab*, eit plagg som dekkjer heile kroppen og delar av andletet, når ho var på skulen. Skulen hennar hadde ei ordning med skuleuniform, men var liberale overfor symbolske klede, og det var jamvel tillete med visse former for hovudplagg. Skulen meinte likevel at bruk av jilbab var i strid med reglementet for skuleuniform, og krevde at eleven enten slutta å gå med klesplagget, eller bytte til ein skule der klesplagget var tillete. Saka blei avgjort i 2006, og skulen fekk medhald.

Når det gjeld ytringsfridom og bruk av hijab er integrasjon sentralt, fordi likeverd og det at personar får ytra seg, kan vera føresetnader for at dei kjenner seg som ein del av fellesskapet. I somme høve kan derimot symbolbruk blant minoritetsgrupper få motsatt effekt, og verka desintegrerende. John R. Bowen (2007: 155) nemner kommunalisme som ei av fleire problematiske samfunnsmekanismer som blei linka til symbolske klede, i samband med hijabdebatten i Frankrike. Kommunalisme inneber at etnisk avgrensa grupper dannar eigne småsamfunn, *communities*, og såleis set seg imot integrasjon, for å hindra at deira eige verdigrunnlag blir utfordra eller utvatna. Såleis blir dei også isolert frå samfunnet som



kollektivt prosjekt: "It separates citizens by valuing their affiliation to communities over their collective participation in the nation." (ibid: 156).

Gereluk bruker også eit døme med ein kristen skule som ikkje oppmodar elevane om å utforska alternative livssyn: "The school does not encourage students to interact with others who hold alternative views; quite the opposite, students – like "warriors" – are to guards themselves and forcibly resist any form of integration with individuals not of their faith." (ibid: 45). Desse religiøse småsamfunna kan sjåast på som kommunalistiske, på same måte som dei islamske gruppene som Bowen (2007:155) omtalte.

Når det gjeld kommunalistiske tendensar, kan uniform framstå som eit effektivt integrerende tiltak. Det tvingar dei gruppene det gjeld til å la borna delta som likeverdige, og som borgarar med same rettar og plikter i det offentlege som born frå andre samfunnsgrupper.

#### **3.2.4. Sosial og politisk integrasjon**

I motsetnad til i Frankrike har debatten om symbolske klede i USA handla meir om det politiske og sosiale, reaksjonar på gjengdanning og auka kriminalitet. Debatt har til dømes vore retta mot hettegensrar, eller bestemte symbol i form av logoar eller tatoveringar, som er kjende symbol for å markera medlemskap i gjengar (Gereluk 2008: 41, Brunnsma 2004: 51).

Gereluk skisserer nokre årsaker til at religiøse symbol i skulen har fått mindre merksemd i USA. For det første er det prosentvis langt fleire amerikanarar som definerer seg som religiøse enn franskmenn. I 2001 sa heile 81 prosent av innbyggjarane i USA at dei var religiøse, og 54 prosent sa at dei deltok i religiøse samlingar kvar veke. I tillegg er det allereie stor toleranse for ulike religiøse grupper som vel å leva separat frå samfunnet i USA, som amish- og mormonargrupper: "It is common, for example, to have religious communities geographically separated from more heterogeneous communities. The Amish are an often-cited exmple of this, as are the Mormon communities." (Gereluk 2008: 44). Dette kan kanskje sjåast på som ein større toleranse overfor den type kommunalisme som Bowen (2007) skisserte som eit problem med islamske grupper i Frankrike.

Skulepolitikken i USA har dessutan gått i retning av meir konservative haldningar til kleskodar, og prinsipp om ytringsfridom i form av bruk av klede har måtta vika plassen for ein slik politikk. Usømeleg utringing, og klede som blir brukt som symbol for gjengar og t-skjorter med rasistiske slagord, har skapt liknande reaksjonar som bruk av religiøse symbol

har skapt i Frankrike. Ein grunn til dette siste er at ein har sett ein korrelasjon mellom ulike former for symbolske klede og vald blant skuleelevar og gjengkriminalitet. (ibid: 58) Den nest mest vanlege grunngevinga for kleskodar i USA, er at klede med symbolsk innhald uroar undervisning og elevar si læring. Ein annan grunn har vore at kleskodar har blitt sett på som ein måte å hindra åtferdsproblem.

### **3.2.5. Økonomisk integrasjon og sosioøkonomisk utjamning**

For mange foreldre i USA botnar debatten om skuleuniform i eit ønskje om å fjerna kjøpepress og mobbing på grunn av klede. På denne måten kan uniform sjåast på som ein måte å integrera dei elevane som kjem frå fattige familiar, i skulen. Mange meiner at statussymbol og klasseskilje kan reduserast i stor grad, og at dette kan gje ein meir rettferdig og sosioøkonomisk utjamna skule (Cruz 2001: 39-41, Brunnsma 2004:84).

I Hughes sin studie (2004) av skular på mellomtrinnet i Texas påpeikar ho at hovudgrunnen til at skulen bestemte seg for å innføra obligatorisk skuleuniform var konkurranseaspektet ved skuleklede, og kostnadane for foreldra (2004: 56). Ved mange urbane skular, hevdar ho, er mange foreldre leie av å måtta kjøpa dyre moteklede, for å hindra at borna deira skal bli latterleggjort, mobba, og sosialt utstøytte. Uniformering kan for somme framstå som eit konkret og effektivt tiltak overfor dette problemet.

Uniform kan derimot også representera eit problem heller enn ei løysing, når det gjeld økonomisk integrasjon. Uniform kan vera eit billigare alternativ for foreldra enn moteklede, men uniform er likevel ikkje alltid det billigaste alternativet. Svært fattige familiar kjøper gjerne dei billigaste kleda dei kan finna til borna sine, og desse er ofte langt billigare enn skuleuniform. Sidan elevane oftast også treng klede utanom skuletida, kan foreldre også oppleve at kostnadane blir dobla. Såleis, påpeikar Brunnsma (2004: 94), kan dette resultera i ein feilslått politikk overfor fattigdom. Ettersom mange skular med skuleuniform har mange elevar frå minoritetsgrupper, som i gjennomsnitt er fattigare enn kvite, kan uniform tvert imot motverka økonomisk integrasjon.

### **3.3. PRAKTISKE OMSYN VED BRUK AV SKULEUNIFORM**

#### **3.3.1. Tryggleik**

Etter ei rekkje skyteepisodar ved skular i USA dei siste tiåra, som til dømes då ein elev ved ein vidaregåande skule (high school) i Baltimore blei skoten på grunn av eit par solbriller i 1989 (Hughes 2006: 57), eller skyteepisoden ved Columbine High School i 1999 (Brunnsma 2004: 22), har mange skular gått inn for å uniformera elevane, for å hindra at dei kan skjula våpen under kleda. Somme skular har mildare ordningar, gjerne i form av klesreglar, som mellom anna forbyr *baggy pants* og liknande, mens andre skular praktiserer meir restriktive ordningar som standardklede eller uniform.

Eit anna argument for uniform som tryggingstiltak, er at det kan hjelpe å skilja elevane som høyrer til ved skulen, frå andre elevar eller andre utanforståande personar. Det kan også vera ein fordel at elevar er uniformerte dersom dei er på utflukter eller liknande, slik at dei vert synlege for lærarar eller andre ansvarspersonar.

Ei innvending mot uniformering på grunn av omsyn til tryggleik, er at det kan vera vanskeleg å skilja elevane frå kvarandre. Dersom til dømes ein elev har gjort noko kriminelt, eller ein elev blir sakna og skal skildrast av eit vitne, kan det vera vanskeleg å finna fram til rett elev.

#### **3.3.2. Tidsbruk i skulen og i heimen**

Mange lærarar ved skular i USA som praktiserer klesreglar av ulike slag, meiner at bruk av skuleuniform ville ha spart tid. Den tida som ofte går med til å kontrollera klesreglar, ville ein kunna ha brukt til undervisning i staden.

Eit anna argument som er relatert til tidsbruk, er at elevane kunne ha spart den tida dei til vanleg bruker heime framfor spegelen om morgonen.

#### **3.3.3. Mijøeffektar**

Fleire miljøorganisasjonar, som til dømes Framtiden i Våre Hender<sup>2</sup>, meiner at det høge forbruket i vesten, og i fleire ikkje-vestlege land, må ned for at jorda skal vera berekraftig

---

<sup>2</sup> <http://www.framtiden.no/>

også i framtida. Klesbruken til elevar og studentar skaper ein del av marknaden for mykje av klesindustrien. Eit spørsmål i denne samanhengen er om innføring av skuleuniform kan medverka til lågare total bruk av klede, og dermed mindre bruk av ressursar.

## **4. NYARE STUDIAR OM SKULEUNIFORM I USA**

I USA har talet på skular som har innført obligatorisk uniform stege sterkt, særleg frå midten av 1990-talet. Skulane har ulike motiv for innføring av uniform, og studiane i dette kapitlet viser både positive og negative effektar, så vel som mangel på effektar som resultat av innføringa. Før studiane blir presentert, vil kapitlet gjennomgå litt historikk om erfaringane med skuleuniform i USA. Kapitlet avsluttar med ein oppsummering av hovudtrekka i studiane.

### **4.1. KORT HISTORIKK OM BRUK AV SKULEUNIFORM I USA**

Ifølgje Brunsma (2004: 14) blei ideen om uniform i skulen første gang lufta i det offentlege i USA i 1980, av den dåverande borgarmeisteren i Washington D.C., Marion Barry. Forslaget kom som ein reaksjon på ei rekkje valdsepisodar ved dei offentlege skulane i byen. Barry foreslo ei form for standardisert kleskode, ho brukte konsekvent ikkje omgrepet uniform, då ho meinte det gav militære assosiasjonar.

Debatt om, og praksis med, skuleuniform, oppsto i USA frå og med på midten av 1980-talet, men fekk ikkje særleg omfang i nasjonal målestokk, før innføringa av skuleuniform i den offentlege skulen i Long Beach School District i California på midten av 1990-talet. I kjølvatnet av dette oppsto det ein meir nyansert og omfattande debatt og litteratur om emnet.

Tidlegare hadde det stort sett vore private skular, og då særleg dei katolske privatskulane, som praktiserte bruken av obligatorisk uniform i skulen. I dag er det framleis desse privatskulene som utgjer majoriteten av skulane som har elevar under denne ordninga, men dette utgjer ikkje lenger ein overveldende majoritet av skulane. Firmin, Smooth og Perry (2002) peikar på at om lag 65% av elevane i USA som har obligatorisk skuleuniform, framleis er elevar ved katolske privatskular.

#### **4.1.1. Pilotprosjektet i Baltimore, 1987**

I 1987 innførte Cherryhill Elementary School i Baltimore, Maryland, som den første offentlege skulen i USA, obligatorisk bruk av skuleuniform. Skulen hadde eit overtal av mørkhuda elevar frå økonomisk sett låg- og middelklassefamiliar, og eitt av hovudmotiva for uniformtiltaket var at det kunne få ned kleskostnader for foreldra, og å redusera motepress og

mobbing som følge av økonomiske statusforhold (Brunsma, 2004: 16). Det var likevel ein skyteepisode som fann stad våren 1986, der ein elev ved ein forstadsskule blei skoten etter ein krangel om eit par dyre solbriller, som framprovoserte uniformtiltaket, som dei hadde diskutert årevis i forvegen (loc.cit.).

I etterkant av innføringa ved Cherryhill, følgde fire andre skular i Baltimore etter, og tre skular i Washington D.C. innførte også ordningar med skuleuniform. Ved utgangen av hausten 1988 hadde 39 barneskular (elementary schools) innført skuleuniform i Maryland, i tillegg til to ungdomsskular i Washington D.C. Ordninga spreidde seg same året også til ei rekkje skuledistrikt i Connecticut. Dei fleste skulane som innførte ordninga var skular med elevar frå fattige familiar og familiar med minoritetsbakgrunn (Brunsma 2004:16). Same året tok også borgarmeisteren i New York til orde for eit pilotprosjekt, og fekk med seg skulesjefen for New York City. Med støtte frå andre fagfolk og politikarar, blei ordninga gjennomført ved ei rekkje skular; men også her i hovudsak fattige skular som hadde mange elevar med minoritetsbakgrunn (loc.cit.).

Ved utgangen av 1990 hadde offentlege skular i Chicago, Detroit, Los Angeles, Miami, Philadelphia og San Fernando innført skuleuniform. (2004: 18). Likevel, påpeikar Brunnsma, fekk ikkje tiltaket ved Cherry Hill, som dei sjølve døypte "School Uniform Project", den landsomfemnande dominoeffekten som kom etter Long Beach utover på midten av 1990-talet.

Samstundes som skuleuniformtrenden hadde mange tilhengjarar blant foreldre og tilsette i skulen og skuleadministrasjonen, kom det også negative reaksjonar frå grupper og einskildpersonar. Organisasjonar som kjempa for elevar sine rettar stadfesta i grunnlova og rettssystemet, meinte at skuleuniformen krenka elevane sine rettar, og forkjemparar for kvinner sine rettar meinte det var eit steg tilbake i kampen for like rettar som menn. Desse reaksjonane utgjer konstitusjonelle motargument, påpeikar Brunnsma, ettersom kritikarane underbyggjer argumenta sine med å visa til det som står i konstitusjonen for USA. Andre respekterte fagfolk i utdanningssystemet meinte at uniformering kunne skapa rom for totalitære forhold i samfunnet, og at det bar preg av ein utdatert militær måte å disiplinera elevane på.

#### **4.1.2. Long Beach skulekrins 1994 og Bill Clinton sin "State of the Union"-tale**

Året 1994 blir gjerne sett på som eit vendepunkt når det gjeld temaet skuleuniform i USA. Dette var året då Long Beach Unified School District (LBUSD), den tredje største

skulekrinsen i California, vedtok å innføra obligatorisk skuleuniform ved alle barneskulane i skulekrinsen. Krinsen er den 32. største i USA, og har om lag 90 000 elevar (nces)<sup>3</sup>.

Den opphavlege ordninga blei iverksett frå og med hausten 1994, og innan ein kort periode på berre nokre månader fekk skulekrinsen ros frå mange hald for den positive utviklinga ein kunne sjå ut frå målingar på mellom anna kriminalitet, skuleprestasjonar og elevfråver (Stamison 2006: 153). Samstundes blei det vedteke, på statleg nivå i California, at alle offentlege skular i staten skulle ha rett til å innføra ordningar med skuleuniform, *California School Uniform Law*.

I ettertid har LBUSD innlemma fleire barneskular, og to ungdomsskular har også innført ordninga (Hamilton 2008: 8). I 2009 inkluderer ordninga med skuleuniform om lag 72 000 elevar<sup>4</sup>. LBUSD var det første offentlege skuledistriktet i USA som innførte skuleuniform i heile distriktet, og mykje av forskinga på skuleuniform har oppstått i kjølvatnet av denne implementeringa av skuleuniform. Debatten fekk særleg mykje merksemd då tidlegare president Bill Clinton talte til fordel for innføring av skuleuniform på landsbasis i ein tale i California i 1996, der han oppmoda skulene i USA om å følgja LBUSD sitt døme (Mitchell 1996).

Skuleuniformen i LBUSD har marineblå eller svart shorts, skjørt, bukser og gensrar, og kvite skjorter og blusar. Kvar skule vel sin eigen uniform, som kan kjøpast hos meir enn 40 ulike forhandlarar<sup>5</sup>.

Den viktigaste motivasjonen for dei som var ansvarlege for innføringa av skuleuniform i LBUSD, var tryggleik for elevane. Dette galdt for foreldra, som i 1990 tok kontakt med LBUSD, og uttrykte uro for at borna deira blei konfrontert med kriminelle gjengar på skulevegen, og somme av foreldra foreslo ein skuleuniform, for at elevane ikkje skulle kunna misoppfattast som gjengmedlemmer. Også leiaren for LBUSD i 1996, Carl Cohn, var klar på kva som var målsetninga bak prosjektet, "...safety, pure and simple" (Stamison 2006: 154).

I 1995 kom svært overtydande statistiske data om effekten skuleuniformane hadde hatt på ei rekkje problemområde i skulen. Slåsting var gått ned med 51%, stoffmisbruk var gått ned med 69%, og seksuelle lovbrøt var gått ned med 74%. Til samanlikning hadde kriminaliteten auka

---

<sup>3</sup> <http://nces.ed.gov/surveys/sdds/ed/index.asp?st=CA>

<sup>4</sup> <http://www.lbusd.k12.ca.us/uniforms/>

<sup>5</sup> <http://www.lbusd.k12.ca.us/uniforms/>

med 28% ved skular i same distriktet som ikkje hadde innført skuleuniform (Hamilton 2008: 7).

Tiltaket med skuleuniform var svært populært hos folk flest i skuledistriktet. Ei måling i Long Beach Press Telegram viste at meir enn 80% av lesarane støtta ordninga, og ei måling som LBUSD gjorde i 1995 viste at 91 % av foreldra var samde i at skuleuniform forbetra skulemiljøet (Brunsma 2006: 158).

Elevar på ungdomsskuletrinnet blei ikkje innlemma i ordninga. Stamison (2006: 156) påpeikar at det kan synast som eit paradoks at dei eldste elevane, som gjerne blir oppfatta som mest utsette for gjengkultur og kriminalitet, ikkje skulle delta i ordninga. Årsaka var at forslag om uniform møtte for stor motstand frå eldre elevar, som også mobiliserte foreldre og støtteapparat i motstanden mot ordninga. Skulestyret såg det som ein føresetnad at ordninga blei støtta av flesteparten av foreldra, og gjerne eit fleirtal av elevane, om ho skulle lukkast. Med ordninga var det nemleg høve for *opt-out*, fritak, dersom foreldre søkte om dette. Og dersom denne fritaksregelen hadde vorte brukt i for stor grad, ville ordninga ikkje vere berekraftig, og det kunne dessutan demoralisere andre elevar. Som også Hughes (2006) påpeikar; "perhaps [elementary grades] is the path of least resistance" (ibid: 63). I dag har om lag 2 prosent av elevane ved barneskulane fritak<sup>6</sup>. Ei måling i etterkant av eit forslag om skuleuniform i ungdomsskuletrinnet viste derimot at 8 av 9 elevar var imot innføring (Brunsma 2006: 156).

I 1997 innførte skuledistriktet likevel obligatorisk uniform ved den eine av dei sju ungdomsskulane i distriktet; Wilson High, og innførte ordninga det første året kun for førsteårselevane, ettersom dei var vane med å gå i uniform frå mellomtrinnskulen. Saman med andre tiltak blei ordninga ein suksess etter kvart, sjølv om ordninga møtte stor motstand. Likevel har kun éin annan ungdomsskule, Millikan High School (hausten 2003), innført uniform i LBUSD per 2009.

---

<sup>6</sup> [http://www.lbusd.k12.ca.us/uniforms/article\\_1.cfm](http://www.lbusd.k12.ca.us/uniforms/article_1.cfm)



## 4.2. STUDIAR OM BRUK AV SKULEUNIFORM I USA

### 4.2.1. Brunnsma: Analysar av nasjonalt omfattande datamateriale om skuleuniform på læringsmiljø og åtferd – manglande effektar

David L. Brunnsma (2004) blei, som mange andre i USA, først interessert i temaet skuleuniform, etter ein "State of the Union"-tale av tidlegare president Bill Clinton 1996 (ibid: xvii). Etter å ha sett seg inn i debatten som gjekk føre seg i ulike medier, konkluderte han raskt med at det var mykje anekdotisk forskning som låg til grunn for bruk av skuleuniform. Temaet var etter hans meining prega av ukritisk begeistring og artiklar av typen *pro-con*. Desse artiklane besto gjerne av grove skisser av ei rekkje argument for og imot, og viste til overflatiske spørjeundersøkingar som fram til 1998 var det einaste empiriske materialet som var publisert om bruk av skuleuniform (Brunnsma 2004: 30). Dei siste ti åra er det derimot publisert stadig meir empirisk forskning, og Brunnsma sin studie var blant dei første omfemnande studiane om temaet.

I hovudverket sitt om temaet (Brunnsma 2004) tar han utgangspunkt i dei to nasjonalt omfemnande datamateriala NELS, National Educational Longitudinal Study, og ECLS, Early Childhood Longitudinal Study. Begge er longitudinelle målingar, som inneber at variablane blir målte over eit lengre tidsrom, fordi tidsaspektet er relevant for resultatet. NELS gjev oversikt over variablar for 8. og 10. klassar i 1988, og for dei same klassane to år etterpå, i 1990, mens ECLS femner om målingar av data frå 1999 og 2000 av elevar på barneskuletrinnet.

Brunnsma analyserer korrelasjonen mellom bruk av, eller fråver av bruk av, uniform eller klesreglar (uavhengige variablar) og blant anna skuleklima, akademiske prestasjonar, fråversprosent, sjølvtilitt, sjølvattribusjon (*Loci of Control*) og åtferdsproblem (avhengige variablar). Han deler dei avhengige variablane inn i utdanningsprosessar, *educational processes*, og åtferdsmessige og sosiale prosessar, *behavioral and social processes*.

I mange av analysane som han utfører på data frå både NELS og ECLS, studere han samanhengen mellom elevar og rektorar sine oppfatningar av skuleklimaet med omsyn til tryggleik, *safety climate*, og læring, *educational climate*. Brunnsma konkludere gjennom statistiske analysar av datamaterialet med at både elevar og rektorar i gjennomsnitt opplever

klimaet med tanke på tryggleik som litt dårlegare ved skular med skuleuniform enn ved skular utan, mens oppfatninga av klimaet med tanke på læring er nokolunde likt ved skular med og utan uniform.

Brunsma meiner at desse resultata, særleg med tanke på opplevd tryggleik ved skulane med uniform, kanskje til ein viss grad kan forklarast ut frå det faktum at det ofte var skular med tryggleiksproblem som innførte uniform i utgangspunktet.

Analysane (Brunsma 2004: 109) viser også at private og katolske skular låg langt høgare enn andre typar skular både når det galdt læringsmiljø og opplevd tryggleik, både blant lærarar og rektorar. Ettersom slike skular ofte praktiserer ordningar med obligatorisk uniform, kan dette på den eine sida tolkast som at uniform er med å gje dei gode resultata, og at dei offentlege skulane derfor berre treng lenger tid på å innlemma ordningane. På den andre sida kan resultata tolkast som at uniform kun er ein overflatisk effekt av ei rekkje alternative strategiar ved dei private og katolske skulane. Såleis blir det å innføra uniform ved vanlege offentlege skular kun ei etteraping etter ytre symbol som ikkje i seg sjølv har positive effektar på tryggleiks- og læringsklimaet.

Ut frå datamaterialet NELS frå 1988, hadde Brunnsma & Rockquemore (1998) tidlegare offentleggjort ein studie som fann ein liten statistisk signifikant *negativ effekt* av skuleuniformsordningar på 10-klassingar sine akademiske resultat. Brunnsma (2004) utdjupar denne studien, og ser meir detaljert på korleis uniformsordninga påverkar faga lesing, matematikk, naturfag og historie. Han finn kun statistisk signifikant korrelasjon mellom uniformsbruk og litt lågare akademisk prestasjon når det gjeld lesing. Dei andre tre faga ser ut til å vera upåverka av bruk av skuleuniform.

I ei rekkje målingar finn Brunnsma (2004: 120-135) ingen – eller kun svakt negativ – korrelasjon, mellom uniformering og akademiske prestasjonar, etter at han kontrollerer for relevante variablar. Han konkluderer med at uniformering, jamnt over, ikkje har noko signifikant effekt på akademiske prestasjonar blant elevar.

Brunnsma (2004: 137) samanliknar også nivået av fråver blant elevar som går på uniformsskular med elevar som går på skular utan obligatorisk uniform. Faktorar som sosioøkonomisk status, minoritetsbakgrunn, positive haldningar til skulen og deltaking på førebuande kurs for universitet ser ut til å ha innverknad på nivået av fråver, men uniform

viser kun ein svært liten *negativ* korrelasjon. Konklusjonen hans er den same også her. Uniformering har ingen effekt på nivået av fråver ved skulane.

#### **4.2.2. Hughes: Formell og uformell uniform – innverknad på fråver og åtferd**

I Hughes (2006) sin studie av to skular på mellomtrinnet (6.-8. klasse) i ein sentrums- og forstadskrins i Texas var ein del av elevane med i ein skuleuniformsordning i 1995-1996. I den eine skulen, skule A, blei formell uniform brukt, mens det i den andre, skule B, blei brukt uformell uniform (standardklednad, jfr Pate 2006), og i begge skulane var det til saman om lag 1100 elevar. Etter at ein del av foreldra godkjende at borna deira blei med i undersøkinga, blei desse borna spurde om dei ville delta. 17,5 % av elevane på skule A, og 13,1% av elevane på skule B, blei til slutt med i undersøkinga.

Undersøkinga målte, ved hjelp av spørjeskjema, om elevar, foreldre og lærarar sine oppfatningar om skuleuniform før og eitt år etter ordninga. Hughes (2006: 69) understrekar at målinga hadde fleire svake punkt. Etersom den mindre delen av elevar som faktisk deltok i ordninga, i utgangspunktet var med fordi foreldra var velvillige, kan det tenkjast at dette utvalet av elevar ikkje var heilt representativt. I tillegg var dei to skulane ganske ulike, med tanke på familiene til elevane sin sosioøkonomiske og etniske bakgrunn.

Ut frå elevar, lærarar og foreldre sine svar på 28 spørsmål om effektane og kjenslene deira overfor skuleuniform, kunne resultat tyda på at den formelle (skule A) og den uformelle (skule B) uniformen hadde ulik effekt på fleire variablar. Resultata tyda på at fråversprosenten ikkje blei påverka av nokon av dei to uniformene. Variabelen som skulle representera åtferd, derimot, blei signifikant påverka ved 11% nedgang i talet på disiplinære overtramp, *discipline referrals*, ved skulen som brukte den formelle uniforma, og heile 45% nedgang ved skule B, som brukte den uformelle uniforma. Når det kom til haldningar overfor bruken av uniform, var lærarane svært positive, foreldra ganske positive, mens elevane var negative. Når det galdt elevrettar og praktisk verdi scora skule A, med dei formelle uniformene, signifikant høgare enn skule B. Når det kom til åtferd, derimot, var resultata langt betre for skule B.

Resultata for begge skulane med elevar som brukte uniform, viste generelt at lærarane meinte det var tydelege positive effektar, som blant anna færre lovbrøt overfor klesreglar, færre episodar av dårleg åtferd overfor medelevar, og redusert tidsbruk til irettesetjing av elevar. Men skule B, som praktiserte bruk av meir uformell uniform, kom markant betre ut på alle desse variablane.

### 4.2.3. Pate: Uniformering som tiltak mot kriminalitet

Skulekrinsen Dade County er den største i Florida, og den fjerde største i USA, med om lag 360 000 elevar i 2009 (nces)<sup>7</sup>. I 1994 kom ein rapport som viste at 40% av tenåringsgutar i Florida hadde bore våpen innan dei siste 30 dagane (Pate 2006:3). Som ein reaksjon på dette, foreslo foreldre og skuleadministratorar å gjera uniform i skulen obligatorisk. Forslaget kom frå lærarar, foreldre, studentar og rektorar. Forventa effektar av uniformering, som redusert motepress og gjengkultur, forbetra akademiske prestasjonar og åtferd, danna grunnlaget for forslaget.

Studien av skulekrinsen Miami-Dade County, den urbane delen av Dade som ligg i nærleiken av Miami, femna om 62 av i alt 202 barneskular, og ordninga med skuleuniform blei iverksett skuleåret 1996/1997 ved desse skulane. Variablane som blei målte var (1) talet på elevar som blei rapportert til barnevernsinstansar grunna dårleg åtferd, *student's referrals to juvenile authorities*, og (2) førekomstar av vald og kriminalitet ved kvar av skulane. Det blei innhenta data om desse variablane i 1995/1996, 1996/1997, og 1999/2000.

Resultata viste ein signifikant nedgang i variablane på om lag 50% frå 1995/1996, til 1996/1997, som var første året at skuleuniform blei brukt. Den siste målinga, i 1999/2000, viste dessutan ei ytterlegare, signifikant forbetring (Pate 2006). Pate (2006: 8) konkluderer med at studien viser ein tydeleg effekt av uniformering når det gjeld åtferdsproblem og kriminalitet, men at ytterlegare studiar er nødvendig på området.

### 4.2.4. Tucker III: Kvantitative og kvalitative undersøkingar

Hazel Park Middle School var den første til å prøva ut obligatorisk skuleuniform i staten Minnesota. Skulen ligg i Saint Paul Public School District, som er den største skulekrinsen i staten, og som femna om i overkant av 41 000 elevar hausten 2004. Per 2006 var det 14 barneskular og 3 skular på mellomtrinnet som hadde innført obligatorisk skuleuniform i skulekrinsen (Tucker III 2006: 115).

Hazel Park starta ordninga i 2007, mens ei rekkje andre skular i krinsen følgde etter det neste skuleåret. Tucker III (2006) sin studie er både kvantitativ og kvalitativ. Han henta data frå ei større undersøking, NASSP CASE (2000), som han supplerte med resultat frå 113 lærarar frå fire skular på mellomtrinnet, to med obligatorisk skuleuniform og to utan. Dei to skulane med

---

<sup>7</sup> <http://nces.ed.gov/surveys/sdds/ed/index.asp?st=FL>

skuleuniformsordning var Hazel Park og Cleveland, og dei to utan var Battle Creek og Washington. Han gjorde også ei kvalitativ undersøking der han intervjuar 27 lærarar frå dei to skulane som hadde innført skuleuniform. Tucker III sin studie hadde som siktemål å visa effektar ved uniformering relatert til skuleklima, gjennom å måla variablar som tryggleik i skulen, akademisk innsats, elevinteraksjon, lagånd, forhold mellom lærar og elev, og åtferd. Desse variablane undersøkte han gjennom å intervjuar eit utval av lærarar om korleis dei oppfatta desse variablane før og etter ordninga.

Skulane som var med i undersøkinga var like på ei rekkje område, til dømes på den måten at alle skulane hadde eit stort innslag av elevar med minoritetsbakgrunn, særleg asiatiske-amerikanske elevar. Det var også mange elevar som av økonomiske årsaker fekk dekkja utgifter til lunsj, frå 65% til 85% av elevane, noko som ofte blir brukt som ein indikator på sosioøkonomisk klasse (Brunsmå 2006: 16), og elevane på desse skulane kom frå familiar frå lågare middelklasse og middelklasse. Vidare låg alle skulane i urbane område (Tucker III 2006: 122).

Skulane var også ulike på viktige område. Hazel Park var, som nemnt, den første skulen i krinsen som hadde innført obligatorisk uniform, i skuleåret 1997/1998, mens Cleveland innførte skuleuniform i 1998/1999. Cleveland hadde dessutan langt færre elevar enn dei andre skulane, og hadde ein lærar-student ratio på 14:1, mot 23:1 ved Hazel Park (ibid: 122).

Resultata frå dei kvantitative undersøkingane viste at lærarane ved skulane som hadde innført uniform, ikkje hadde særleg betre oppfatning av tryggleiken ved skulen, enn ved skulane utan uniform. Den kvalitative undersøkinga gav eit tydeleg inntrykk av at lærarane oppfatta skulane som tryggare med uniform. Ei årsak lærarane gav, var at det var enkelt å skilja elevane ved skulen frå born og ungdommar som ikkje var elevar ved skulen.

Når det galdt akademisk fokus hjå elevane, viste den kvantitative målinga at lærarar ved uniformsskulane hadde ei meir positiv oppfatning av elevane si akademiske orientering. I dei kvalitative undersøkingane var oppfatningane blant lærarar temmeleg like ved uniformsskulane og skulane utan uniformsordning.

Med omsyn til den neste variabelen, elevinteraksjon, viste begge målingane ei klart meir positiv haldning blant lærarane ved skulane som hadde innført uniform, enn ved skulane utan uniform. I den kvalitative målinga gav lærarane ved uniformsskulane uttrykk for at uniformsordninga hadde ført til meir sosial likskap, mindre mobbing, færre ”klikkar” blant

elevane, færre fysiske konflikter blant elevane, og betre samarbeid mellom elevar frå ulike elevgrupper.

På same måten var det også meir positive oppfatningar blant lærarane ved uniformsskulane enn ved skulane utan uniform, når det gjaldt variabelen samhold blant elevane, både på den kvantitative og den kvalitative målinga: "Teachers expressed that uniforms facilitate a sense of collective identity and common ground for a diverse student body." (Tucker III 2006: 127).

Den viktigaste framgangen som følgje av innføringa av uniform var likevel, påpeikar Tucker III, den femte variabelen, forholdet mellom lærar og elev. Lærarane ved uniformsskulane uttrykte i den kvalitative målinga at dei følte at dei blei tileigna større grad av autoritet når elevane gjekk i uniform. Tucker III (2006) fann også tydeleg framgang når det gjaldt åtferd i uniformsskulane, samanlikna med skulane utan uniform. 6 av dei 27 lærarane som blei intervjuja i den kvalitative målinga meinte at dette var den variabelen som blei mest påverka av uniformsordninga.

Skulen som hadde lengst erfaringar med uniform, Hazel Park, opplevde gjennomgåande betre resultat samanlikna med den andre skulen. Tucker III stiller spørsmål ved om det er slik at uniformsordninga medverka til dei positive effektane, eller om skulane med uniformsordning tiltrakk seg ein elevmasse frå familiar som var meir engasjerte i borna deira sin skulegong, og meir innstilte på å innretta seg etter samfunnet og skulen sine normer og reglar.

#### **4.2.5. Brunsmå: Uniformering som sosial utjamning eller som fagleg utjamning**

I skuleåret 2000-2001 innførte Mount Carmel Elementary School (MCE) i skulekrinsen Mount Carmel Area S.D. (MCASD) obligatorisk skuleuniform. I ein studie av datamateriale frå MCASD og frå Pennsylvania Department of Education (PDE), studerte David Brunsmå (2006) på moglege effektar av ordninga. Hovudsakleg var innhaldet i datamaterialet frå og med skuleåret 1996-1997 til og med 2001-2002, men det var også noko datamateriale frå perioden 1989-1990 til og med 1995-1996. Skulematerialet femna om målingar av elevar ved MCE, ved 20 liknande skular i Pennsylvania (relativt like med omsyn til sosioøkonomisk status, etnisitet og andre faktorar), og ved seks omkringliggjande skular, *area schools*.

Ein annan skule i nærleiken av MCE, Kulpmont Elementary School, blei slått saman med MCE skuleåret 1997/1998. Dette gjorde at talet på elevar auka kraftig, og klassane ved MCE blei større frå og med dette skuleåret. Dette var med på å danna nye utfordringar for skulen,

og, meiner Brunnsma, kan ha vore ein viktig indirekte årsak til at skulen vedtok å innføra skuleuniform i 2000/2001. Brunnsma sin studie kommenterer og tolkar statistiske data frå åra før og etter uniformsordninga. Variablane han kommenterer er fråversprosent, akademiske resultat i lesing, matte og skriving, og ulike former for mål på åtferd.

Med omsyn til fråversprosenten fann Brunnsma at MCE låg ganske likt med dei liknande og omkringliggjande skulane, både før og etter innføringa av uniform. Når det kom til dei akademiske prestasjonane derimot, kom MCE svært godt ut i lesing og matematikk i åra 1996/1997 til 1998/1999, mens resultatane gjekk ned til like under nivået ved dei andre skulane i året uniformsordninga blei innført. Ved variabelen skriving låg skulen litt under dei like og omkringliggjande skulane, jamvel om dette var over det nasjonale gjennomsnittet, i testane både før og etter innføringa.

Det som likevel gjekk igjen i testane på akademiske prestasjonar, var at det var i toppsjiktet at resultatane blei klart dårlegare etter innføringa, mens talet på elevar i botnsjiktet ikkje endra seg mykje. Variablane som var relatert til åtferd var blant anna våpenlovbrot, tal på gjensitjingar, midlertidige eller permanente utvisningar av elevar, og andre typar episodar som resultat av dårleg åtferd. Jamnt over låg MCE ganske likt som dei liknande og omkringliggjande skulane, i dei målingane der variablane blei målte i forhold til talet på elevar (ettersom talet elevar var ganske høgt ved MCE i åra etter samanslåinga med Kulpmont). Brunnsma (2006: 45) påpeikar likevel at datamaterialet er lite påliteleg ved somme av desse variablane, då ei ny ordning med eit slags hjelperom, *support room*, blei brukt i mange høve der elevane eigentleg hadde måtta sitja igjen eller blitt suspendert før. Brunnsma stiller her spørsmål ved om ikkje åtferdsproblema eigentleg er langt større i åra 2000/2001 og året etter, altså i åra etter at ordninga med skuleuniform blei innført. Brunnsma (2006) konkludere med at MCE var ein skule som gjorde det svært effektivt om ein dømer ut frå elevane sine akademiske prestasjonar i lesing og matematikk, i åra før innføringa. Situasjonen ved skulen med omsyn til fråver og åtferd var heller ikkje mykje verre enn i liknande og omkringliggjande skular, i åra før innføringa. I målingane etter at uniformsordninga blei innført, derimot, gjekk det akademiske nivået ned til om lag det same som på liknande og omkringliggjande skular, og problem med åtferd ved skulen kan ha blitt kraftig forverra (Brunnsma 2006: 45).

#### 4.2.6. Fosseen: Logouniform versus standardklede – effektar av logosymbol på fellesskapskjensle blant elevar

Eitt av hovudpoenga til Fosseen i denne studien, er at effektane av bruk av logouniform og bruk av standardklede er fundamentalt ulike. Standardklede kan medverka til å eliminera diskriminering, redusera ulikskapar, homogenisera utsjånaden, og redusera ulikskapar *i gruppa*. Den "eigentlege" skuleuniformen, logouniformen, vil på den andre sida kunna skapa eit sterkare samhald i gruppa, men også differensiera *mellom skular*, og såleis medverka til at elevane dannar identitet og identifikasjon til skulen som gruppe. Uniformen kan medverka til ein samhaldsprosess, ein *bonding-process*. Fosseen (2006) påpeikar at det som skiljer logouniform frå standardklede, er logoen, ikonografien. Såleis kan effekten ein får frå logouniformen til ein viss grad oppnåast ved bruk av eit emblem, ein pin, eller liknande, som ein tilfører kledda. For Fosseen er hovudelementa logoen på den eine sida, og likskapen i utsjånad, som både standardkledda og skuleuniformen skaper, på den andre sida (Fosseen 2006: 112).

Studien til Fosseen femner om 1 032 elevar, 677 jenter og 355 gutar, på mellomtrinnet ved 10 skular i Houston og San Antonio. 89 % av elevane ved 8 skular i Houston, og 11% av elevane ved 2 skular i San Antonio, var med i studien. I gjennomsnitt var det om lag 9 % av elevane ved skulane som deltok, og 34% kategoriserte seg sjølv som spanskætta, 25% som kvite/anglosaksiske, 15% som afroamerikanarar, og 9% som asiatick-amerikanske. 567 (55%) elevar både frå Houston og San Antonio, brukte standardklede i studien, og 465 elevar, også frå begge områda, brukte skuleuniform (logouniform).

Dei uavhengige variablane i studien var (A) logouniform og (B) standardklede. Fosseen samla også inn datamateriale om kjønn, etnisitet, sosioøkonomisk status og karakterar, og kontrollerte for ulikskapar mellom dei to gruppene. Dei avhengige variablane inkluderte elevane si eiga oppleving av å høyra til skulen, å føla seg godteken, å passa inn, å bli sett pris på, kjensler av framandgjerung og negative kjensler til skulen, relasjonen mellom lærar og elev, og kjensle av tryggleik i skulen.

Blant dei viktigaste funna i studien til Fosseen (2006) var forholdet mellom logouniform og elevane si kjensle av å høyra til skulen, som var signifikant høgare enn i gruppa som brukte standardklede (ibid: 100). Fosseen understrekar at dette er eit interessant funn, ettersom forskning har vist at elevane si kjensle av å høyra til skulen er ein viktig motivasjon for blant anna skuleklima og utvikling av identitet hos kvar einskild elev.



Generelt viste studien lite variasjon relatert til etnisitet og sosioøkonomisk status, mens variabelen kjønn hadde stor innverknad på skilnaden mellom logouniform og standardklede når det galdt variabelen tryggleikskjensle. Generelt i gruppa med standardkled låg gutane litt under jentene, i kjensle av tryggleik. I gruppa som brukte logouniform, derimot, viste jentene seg å liggja litt høgare enn jentene med standardklede, mens gutar med logouniform låg *langt høgare* enn gutar med standardklede. Tryggleikskjensla hjå gutar som brukte logouniform var dessutan klart høgare enn hos jenter som brukte logouniform.

Fosseen (2006) meiner dette funnet kan vera viktig, ettersom gutar i langt høgare grad enn jenter er offer for eller deltar i valdsepisodar, får dårlegare karakterer enn jenter, og fell ut av skulen oftare enn jenter. Logouniform kan, ifølgje Fosseen, vera eit godt tiltak for å hindra at gutar blir framandgjorte i skulen, knyter identiteten sin til kriminelle gjengar, og tyr til vald og kriminalitet.

#### **4.3. OPPSUMMERING**

Konklusjonane i studien til Brunsmå (2004) peikar langt på veg i éin retning, ved at studien ikkje finn dei effektane som forkjemparar av uniformsordningane viser til. Han finn at uniformering blant elevar, oftare gjev *dårlegare resultat* når det gjeld akademiske prestasjonar, enn gode, jamvel om det er svært liten effekt både den eine og den andre vegen. Når det gjeld åtferd, verkar uniform ikkje å ha nokon som helst påverknad, om mogleg ein liten positiv påverknad ved få skular. Ofte finn han tvert imot negative effektar også her.

Ein mogleg kritikk av Brunsmå (2004) sine studiar, som han også sjølv er inne på (ibid: 108), er knytt til bruken hans av kontrollvariablar. Til dømes finn han først ein positiv korrelasjon mellom uniformering (uavhengig variabel) og skuleklima (avhengig variabel). Deretter måler han effekten av uniformering på blant anna akademiske prestasjonar og åtferd, men når han måler *desse* avhengige variablane, korrigerer han for skuleklima. Det betyr at han trekkjer frå det positive utslaget som uniformering hadde på skuleklima, fordi han vil finna meir upåverka resultat av uniformering på akademiske prestasjonar og åtferd. Kritikarar (Fosseen 2006, Stamison 2006) hevdar at skuleuniform verkar på akademiske prestasjonar og åtferd nettopp *gjennom det at skuleklimaet blir forbetra*. Brunsmå innrømmer då også at målingsresultata viser ein liten positiv effekt av skuleuniform på dei akademiske prestasjonane, *før han kontrollerer for effektane av kontrollvariablane*. Ettersom skuleklima er ein av desse, kan det tenkjast at skuleuniform *faktisk gjev* betre akademiske prestasjonar.

Ei anna innvending kan rettast mot Brunnsma (2004) sin premiss om at elevar på ungdomsskulen gjennomgåande er negative til uniformering i skulen. Kim & DeLong (2006: 146) viser i sin studie, at dess lenger elevar har brukt skuleuniform, til dømes om dei har starta på barneskulen eller på mellomtrinnet, dess meir positive haldningar til uniformsordninga er det vanleg å observera.

Fosseen (2006: 94) peikar på ei anna innvending mot Brunnsma sine studiar. På same måte som i andre studiar om skuleuniform kjem ikkje skilnaden mellom særeigne klesreglar, *standard dress*, og logouniform, godt nok fram i Brunnsma sine studiar, ifølgje Fosseen. Ho meiner at dette kan forklara noko av årsakene til manglande dokumentert effekt av uniformering. Brunnsma (2004, 2006) skiljer kun mellom skuleuniform og klesreglar (2004: 139) der hovudskiljet blir forklart som at skuleuniform er *påbod* om ein særskilt form for klede, mens klesreglar er *forbod* mot utvalde klede. Dette at logouniform, som Fosseen (2006) legg vekt på, ikkje kjem fram, kan medverka til at ein viktig føresetnad for fellesskapskjensle og identitet til skulen som heilskap, fell bort i studiar. Dette kan skje dersom målingane Brunnsma viser til, eigentleg måler resultat av standardklede, og ikkje logouniform.

I motsetnad til Brunnsma, finn Hughes (2006) i sin studie at uniform forbetrar skuleklimaet, gjennom gode resultat relatert til fleire variablar, slik som betra åtferd elevane imellom, og færre disiplinære overtramp. På same måten som Fosseen, skiljer Hughes mellom *standard dress* (uformell uniform) og logouniform (formell uniform). Studien viser at skulen som brukte uformell uniform fekk langt betre resultat enn skulen som brukte formell uniform, med omsyn til åtferdsproblem. Elevar ved skulen med den formelle uniforma følte også i liten grad at uniforma truga kjensla av individualitet. Den positive effekten som Fosseen (2006: 100) fann ved bruk av logouniform, ser såleis også ut til å ha verka inn på ei side ved Hughes sin studie.

Pate (2006) sin studie av elevar i Florida viser også mange positive effektar av bruk av skuleuniform. Studien seier lite om korleis uniformering har påverka skuleklimaet, men resultatene tyder på at uniformering i skulen kan medverka til redusera dårleg åtferd og kriminalitet blant elevane.

Tucker III (2006) sin studie er spesiell på den måten at han bruker både ei kvantitativ og ei kvalitativ måling. Han intervjuar lærarar om oppfatninga deira av skuleklimaet før og etter uniformering ved skulane dei arbeider. Han finn ein positiv korrelasjon mellom uniformering og variablar som akademisk orientering blant elevane, elevinteraksjon, og lærarane sin

tryggleik på seg sjølve som autoritetar. Eit interessant funn i Tucker III sin studie, er dessutan at effektane av skuleuniform er langt meir positive ved skulen som har hatt ordninga *lenge*. Dette er i tråd med Kim & DeLong (2006) si forklaring om at elevar treng tid til å venna seg til ordninga.

I Brunnsma (2006) sin studie av elevar ved MCE, finn han lite som tyder på at skuleuniformen har forbetra det akademiske miljøet eller åtferda. Han finn derimot at det blei markant færre elevar i toppsjiktet med tanke på akademiske prestasjonar etter at uniformsordninga blei iverksett. Dette resultatet kan såleis gjerne tyda på at likskapkjensla har fortrenget individualitetskjensla ved denne skulen.

Fosseen (2006) sin studie viser, som kommentert tidlegare, eit viktig skilje mellom logouniform og standardklede. Fosseen finn at logoen, symbolet på gruppa, er noko som kan verka konstruktivt inn på skuleklima. Resultatet i Fosseen sin studie, som viste at gutar si gruppekjensle aukar i svært stor grad som følgje av logoaspektet, kan kanskje vera med å kasta lys over eit mogleg tiltak overfor eit aukande problem med at gutar fell akterut i testar som måler akademiske prestasjonar, som PISA-testen (Beck 2008).

## 5. INTERNETTUNDERSØKING – METODE OG DATAMATERIALE

Metodedelen vil særleg fokusera på ulike typar metodisk tilnærming i undersøkinga, og problemstillingar som følgje av bruk av empiri henta frå internett.

### 5.1. METODISK TILNÆRMING

Debattane blir oppsummert gjennom ei *tekstanalytisk tilnærming*. Det blir vist ved hjelp av tabellar, *kor mange* som bruker ulike argument for og imot bruk av uniform i skulen, og kva for argument ulike grupper av debattantar bruker mest. Rangeringa av argumentbruken i tabellane, er basert på ei skjønsmessig vurdering. Argumenta er vekta ut frå korleis og i kva debatt dei er brukt. Eit argument som er brukt som eit sentralt poeng i eit innlegg på eit forum med få debattantar, er til dømes vekta tyngre enn eit argument som er brukt i ei bisetning i ei opprømsing på eit forum med mange debattantar. Denne metoden er brukt for å gje eit realistisk inntrykk av korleis argumenta er vektlagde.

Undersøkinga er altså *kvantitativ* i utgangspunktet. Like fullt er det også vektlagt *korleis* debattantane uttrykkjer seg og *korleis* dei formulerer seg, slik at eit *kvalitativt* aspekt også er til stades. Debattantane er mellom anna delt inn i grupper som elevar, foreldre og lærarar, ut frå korleis dei presenterer seg og korleis dei uttrykkjer seg.

Den metodiske tilnærminga er nytta ut frå tanken om at det kvalitative komplementerer det kvantitative, og omvendt: På den eine sida er den kvantitative tilnærminga eigna til å kartleggja gjentatte førekomstar av variablane som skal målast (argumenta), medan den kvalitative tilnærminga gjer det mogleg å oppdaga meningsfulle nyansar knytt til variablane (korleis argumenta er nytta) (Bruhn Jensen 2002: 255).

### 5.2. VAL AV NETTSIDER

Faktorar som har påverka valet av nettsider er blant anna tidsrommet når materialet vart publisert, talet på innlegg, kor relevante debattane er i høve til temaet, og kva for erfaringar og kunnskapar som kjem til uttrykk i debattane (kva type brukarar det verka sannsynleg å finna på dei enkelte sidene).

Debattane demner om nettsider frå tre nettstadar med internettbrukarar frå USA, 4forums, USA Today, og America's Debate, og 3 nettstadar med norske internettbrukarar, Kvinneguiden, Aftenposten, og Diskusjon.no. Debattane er gjennomgått med utgangspunkt i land, først USA og så Noreg, og i kronologisk rekkjefølgje innan landa.

Det finst langt fleire debattar på internett, særleg om skuleuniform, med deltakarar frå USA, enn med deltakarar frå Noreg. Det let seg derfor gjera å finna debattar med langt fleire innlegg frå USA enn frå Noreg. Valet er derfor anten å ha med *likt tal på debattar* eller å ha med *likt tal på innlegg*, i undersøkinga. Etter ei vurdering verka det førstnemnde som det beste alternativet. Ettersom kvar debatt har sine særtrekk ville det ha framstått som kunstig å kompensera for færre deltakarar ved å studera fleire debattar. Dei norske debattane inneheld likevel mange nok innlegg til at ein får eit nokolunde balansert inntrykk.

Debattane kjem til uttrykk gjennom ulike nettsider som framstiller stoffet på ulike måtar. Hovudfokuset er likevel på *forumsider* og *kommentarsider*. Desse sjangrane er eigna til å studera meiningar frå mange personar samstundes, og dessutan kjem nyansane i deltakarane sine meiningar godt til syne gjennom ein interagerande struktur, ved at debattantane er i kontinuerlig interaksjon og kan svara på andre sine innlegg på eit kva som helst tidspunkt.

### 5.2.1. Forum og kommentarsider

Forumsjangeren har som kjenneteikn at innlegget til personen som startar debatten eller tråden ofte har lik layout og plassbruk, og at trådstartaren elles har lik føresetnad for å uttrykkja seg som dei som svarer på innlegget. Oftast må brukarane som vil skriva innlegg registrera seg og oppgje blant anna e-post adresse, og i nokre tilfelle også namn, kjønn og bustadsadresse. Når ein så har registrert seg, kan ein skriva innlegg, kor og når ein vil, så lenge ein følgjer visse reglar, blant anna god skikk og at ein skriv innlegga der dei høyrer heime med omsyn til tema på forumet (Liestøl og Rasmussen 2007).

Kommentarsider er blitt vanlegare dei siste åra, ettersom fleire og fleire nettaviser har byrja å tillata lesarane å kommentera nyhende som blir publisert<sup>8</sup>. Desse sidene dannar ad hoc forum, som oppstår som forlengingar av avisartiklar. Dette er såleis todelte nettsider, som inneheld

---

<sup>8</sup> Forsking som er publisert på Internett viser at 75 prosent av dei største nettavisene hadde kommentarsider i etterkant av artiklane, i 2008, samanlikna med kun 33 prosent i 2007: <http://www.bivingsreport.com/2008/the-use-of-the-internet-by-americas-largest-newspapers-2008-edition/>

*avisartikkel* og *debatt*. Kommentarsider oppstår også ofte i forlenginga av andre typar tekstar, som til dømes bloggar.

### **5.2.2. Internettbrukarar som representantar for innbyggjarane**

På grunnlag av uttrykksmåten til debattantane kan ein sannsynleggjera kva for grupper dei høyrer til, som til dømes om dei er born eller vaksne. Det er likevel usikkert om meiningane blant debattantane reflekterer meiningane blant innbyggjarane generelt. Dette spørsmålet handlar om den *ytre validiteten* i undersøkinga. Lund (2002) forklarar ytre validitet på følgjande måte:

En undersøkelse har god ytre validitet i den grad den gjør det mulig å foreta ikke-statistiske generaliseringer til eller over relevante individer, situasjoner og tider med rimelig sikkerhet.(ibid: 121)

For å danna eit inntrykk av studien sin ytre validitet, vil det vera relevant å undersøkje kor stor del av innbyggjarane i høvesvis Noreg og USA som bruker forum og kommentarsider. Ei undersøking av Li og Bernoff (2008)<sup>9</sup>, viste at 28 prosent las forum og diskusjonsgrupper, og 18 prosent deltok i forum og diskusjonsgrupper, av i alt 10 000 oppringte deltakarar frå heile USA.

Det er også publisert studiar om bruken av sosiale nettverk, som til dømes Facebook og MySpace, i USA og i Storbritannia. Desse sidene har ein del til felles med forum, og kan derfor ha relevans for spørsmålet om kor mange som bruker forum, mens det kan ha mindre relevans for dei som bruker kommentarsider. Ei undersøking av Lenhart (2009)<sup>10</sup> viste til dømes at 46 prosent av deltakarar frå USA hadde nytta ei side for sosiale nettverk i april 2009, mot 16 prosent i april 2008. Dutton, Helsper og Gerber (2009)<sup>11</sup> ved Oxford Internet Surveys, fann at 49 prosent av i alt om lag 3000 deltakarar frå alle deler av Storbritannia, hadde laga profil på ei side for sosiale nettverk. Dette var ein markant auke frå 2007, då 17 prosent av deltakarane svarte det same.

Desse forskingsresultata gjev ikkje eit fullstendig bilete av kor mange som bruker forum- og kommentarsider, men dei kan likevel tyda på at Castells (2003) sin konklusjon kan vera utdatert, når han refererer til forskning som indikerer at den gjennomsnittlege internettbrukaren først og fremst bruker internett til å senda e-post og til kommunikasjon med slekt og vener:

---

<sup>9</sup> [http://www.forrester.com/groundswell/images/groundswell\\_figure\\_3-1.jpg](http://www.forrester.com/groundswell/images/groundswell_figure_3-1.jpg)

<sup>10</sup> <http://www.pewinternet.org/Presentations/2009/41--The-Democratization-of-Online-Social-Networks.aspx>

<sup>11</sup> <http://www.oii.ox.ac.uk/microsites/oxis/publications.cfm>

E-mail representerer mere end 85 procent af internet-forbruget, og størstedelen af disse 85 procent er relateret til arbejdsformål, specifikke opgaver eller til at holde kontakt med familie og venner i den virkelige verden. (ibid: 115)

### **5.3. INTERNETTBRUK OG INTERNETT SOM KJELDE TIL FORSKING**

Når det gjeld internettundersøkingar er det relevant å utforska kommunikative og sosiale fenomen som er kjenneteiknande for internettbruk. Virtuelle fellesskap er eit omgrep som viser skilnader overfor, og parallellar til, sosial interaksjon elles i samfunnet.

#### **5.3.1. Virtuelle fellesskap**

Omgrepet internettkultur er nytta av Manuel Castells (2003), og femner om fire brukarkulturar: (1) den tekno-meritokratiske kulturen, (2) hackerkulturen, (3) den virtuelle fellesskapskulturen og (4) iverksetjarkulturen (ibid: 40). Dei fire er på mange måtar gjensidig avhengige av kvarandre. Den første kategorien dannar eit teknologisk utgangspunkt for hackerkulturen, dei virtuelle fellesskapa utgjer den sosiale dimensjonen til den tekno-meritokratiske kulturen, iverksetjarkulturen arbeider med utgangspunkt i hacker- og fellesskapskulturen for å spreie internettet til nye grupper, og så vidare.

I samband med forskning på brukarar sine meiningar på internett er fokuset retta mot det segmentet som tilhøyrrer den virtuelle fellesskapskulturen. Castells (2003: 115) siterer Sherry Turkle, ein pioneer innanfor undersøkingar av identitetsskaping på internett: "Folk der lever parallele liv på skærmen er ikke desto mindre bundet af deres fysiske jugs ønsker, smerte, og dødelighed.". Liestøl og Rasmussen (2007) forklarar at dei virtuelle fellesskapa har fleire fellestrekk med sosiale fellesskap:

I virtuelle fellesskap kan kommunikasjonen være like tett, hyppig og intens som i tette sosiale fellesskap. Slike fellesskap utvikler sterke normer og verdier (netikette, osv.) som styrer interaksjonen. (ibid: 101)

I sosiale fellesskap kan ein skilja mellom tre typar: (1) Små sosiale fellesskap som blir haldne saman ved tett og hyppig interaksjon, slik som familien, kameratflokkene, og så vidare, (2) større sosiale fellesskap der alle ikkje kjenner alle, men ein kjenner seg som del av eit fellesskap gjennom normer, verdier, språk og smak, så som i ein kommune eller eit land, og (3) fellesskap som formelle grupper, haldne saman gjennom felles interesser (ibid: 102).

Forum og kommentarsider kan sjåast som parallellar til fleire av desse kategoriane. Forum av ein viss storleik, og med mange brukarar, som i debattane i denne oppgåva, kan sjåast som

parallell til større sosiale fellesskap. Likevel oppstår det ofte eksempel på små fellesskap, der brukarane ikkje lenger føler seg som framande overfor dei andre brukarane. Eit døme er når deltakaren "Brunhilde" svarar på eit innlegg av "Livets Datter" i debatten på Kvinneguiden.no<sup>12</sup>: "Livets datter, du har, som vanlig, gode argumenter. [...]". Omgangsforma har her endra seg til noko internt, prega av stamgjestane, som gjerne skriv innlegg på forumet utan at det har nokon samanheng med spesifikke hendingar i samfunnet elles.

Dette er tendensar ein ikkje så ofte finn på kommentarsider i nettaviser, der saka eller nyhendene legg til rette for ei meir distansert omgangsform. Desse nettsidene vil derfor også ofte tiltrekkja seg andre typar debattantar enn dei ein finn på mange forum. Det forsterkar dette skiljet at ein ikkje alltid treng å registrera seg før ein skriv kommentarar på kommentarsider. Dette reduserer terskelen for å i utgangspunktet engasjera seg i nettfora, og gjer at ein ikkje treng å binda seg symbolsk til eit fellesskap, slik som når ein registrerer seg.

### **5.3.2. Internett og demokrati – informasjonstilgang og anonymitet**

Internett blir ofte sett i samanheng med problemstillingar knytt til demokrati. Castells (2003) skildrar internettsamfunnet som politisk informasjonssamfunn: "Der er let adgang til politisk information, hvilket betyder, at borgerne har mulighed for at være næsten lige så velinformerede som deres ledere" (ibid: 148). Han meiner likevel at internett ikkje har vist seg å vera den brubyggjaren som det blei spådd å bli, mellom politiske styresmakter og folket, fordi han meiner regjeringar i mange land bruker internett som ei "elektronisk reklamesøyle" (ibid). Internett som ytringskanal for borgarar kan likevel også tenkjast å verka demokratisk, som ei følge av *anonymiteten* som internettkommunikasjonen gjev rom for.

I akademiske tekstar, politiske skriv eller i tekstar som uttrykkjer ein felles plattform for ein organisasjon eller eit føretak, er forfattarane oppførte med verkelege namn, og må ta omsyn til sin eigen politiske eller sosiale bakgrunn i samfunnet. Dette gjer sitt til å filtrera stoffet. På forum og kommentarsider, derimot, bruker brukarane oftast kallenamn, pseudonym, som gjev dei full eller delvis anonymitet. Brukarane vert ofte oppmoda eksplisitt om å skjula personlege opplysningar, som til dømes på 4forums.com: "Do not give your name or any

---

<sup>12</sup> <http://forum.kvinneguiden.no/index.php?showtopic=45796>



personal information that could be used to identify you. Do not request personal information, including age.”<sup>13</sup>.

Som anonym står ein meir fritt til å uttrykkja seg, og det personvernet som anonymiteten gjev, gjer at mange som ikkje elles ville ha gjort det, likevel ytrar seg, under slike føresetnader. Akdeniz (2002) omtaler dette som eit, historisk sett, nyttig fenomen i ulike politiske diskursar: ”Anonymity is socially useful and has been a vital tool for the preservation of political speech and discourse throughout history. As a concept anonymity is closely related to free speech and privacy. Internet technology allows [such] anonymous communications [...]” (ibid: 1).

## **5.4. OFFENTLEG OPINION SOM KJELDE TIL FORSKING**

Vidare vil oppgåva undersøka korfor debattar i media har interesse for forskarar i eit skulepolitisk tema som bruk av skuleuniform, korleis offentleg opinion blir forma ut frå meiningar blant innbyggjarar, og korleis medier og offentleg opinion påverkar kvarandre begge vegar.

### **5.4.1. Relevansen av opinionsundersøkingar om uniformering i skulen**

Undersøkinga i denne oppgåva prøver å danna eit inntrykk av kva haldningar innbyggjarar har til bruk av skuleuniform, ut frå meiningar blant debattantar på internett. Ragnar Waldahl (2007: 65) forklarar *haldningar* som ikkje-uttrykte oppfatningar, og *meiningar* som uttrykte oppfatningar. Haldningar som blir uttrykte, og som blir uttrykte *i det offentlege rommet*, utgjer ein offentleg opinion. Waldahl skildrar prosessen mot ein offentleg opinion slik:

Når ulike holdninger og vurderinger slår rot i sosiale grupper og avgrensede miljøer, og konstituerer vedvarende motsetninger mellom enkeltpersoner og grupper, starter en prosess som leder frem til en offentlig opinion der ulike posisjoner står mot hverandre. (ibid: 115)

Ein aktiv offentleg opinion i samfunnet er avhengig av (1) at opinionsdanning er allment akseptert som ein legitim del av samfunnet sitt styresett, der borgarane kan ytra seg fritt, 2) at det eksisterer sosiale fora der borgarane kan treffast og diskutera synspunkt på ulike saker, og 3) at det finst eit offentleg rom som tillet folk å komma til orde med sine synspunkt på saker som har allmenn interesse (ibid: 37).

---

<sup>13</sup> [http://www.4forums.com/political/faq.php?faq=vb\\_faq#faq\\_new\\_faq\\_rules](http://www.4forums.com/political/faq.php?faq=vb_faq#faq_new_faq_rules)

Det kan gje meining å studera dei virtuelle fellesskapa på internett både som sosiale fora for opinionsdanning, og som offentlege rom for ein offentleg opinion. Slik sett kan forum og kommentarsider tolkast som nye arenaer for demokratiskaping på fleire måtar. I den grad desse virtuelle fellesskapa representerer innbyggjarane elles, kan undersøking av debattar om skuleuniform på internett tenkjast å ha verdi fordi dei reflekterer den offentlege opinionen.

Waldahl (2007) understrekar verdien av ein offentleg opinion for demokratiet: "Det er ikke mulig å tenke seg et demokratisk styresett uten en offentlig sfære der borgerne fritt kan debattere aktuelle saker av felles interesse" (ibid: 95).

#### **5.4.2. Medier og opinion – gjensidig påverknad**

Virtuelle fellesskap, slik dei her er tenkte som sosiale fora for opinionsdanning, er dynamiske på fleire måtar. På den eine sida blir dei påverka av måten saker er presenterte i mediene. På den andre sida formar dei mediene si framstilling av saker. Saker i mediene vil også ofte appellera til personar med ulike preferansar, slik at brukargruppa på ei kommentarside kan variera frå dag til dag. Dette gjeld også for forum, men ikkje i same grad, ettersom dei dannar meir intime virtuelle fellesskap og derfor vil skapa ei meir stabil brukargruppe.

Shanto Iyengar (1991:11-16) skildrar korleis mediene formar opinionen gjennom måten dei "rammer inn" nyhendene. I litteraturbaserte nyhende kan til dømes opinionen bli farga av måten nyhendene er formulert. Når opinionen står overfor eit val, gjev dette utslag for korleis dei fattar avgjerder.

Iyengar (1991) viser til eit eksperiment av forskarane Daniel Kahneman og Amos Tversky, som demonstrerte publikum sine val etter å ha blitt presentert for to alternativ, alternativ A og B. 80 prosent av deltakarane valde alternativ A, og 20 prosent valde alternativ B, men når dei same alternativa blei omformulerte, var talet på deltakarar som valde A og B stikk motsett. Iyengar forklarar desse resultata slik:

When alternative outcomes are defined in terms of potential gains, people follow a risk-averting strategy, but when the equivalent outcomes are described in terms that suggest potential losses, people seek risk. (ibid: 12)

Iyengar (1991) omtaler også innramming av nyhende i TV-sendingar, og skiljer her mellom episodisk og tematisk framstilling av saker (ibid: 14). Den episodiske framstillinga tar gjerne form som ein case-studie eller viser saker som konkrete bilder eller videoreportasjar, *featuring good pictures*. Den tematiske framstillinga, derimot, tar for seg hendinga gjennom å

kommentera og visa det prinsipielle ved saka, *featuring talking heads*. Framstillingane blir ofte brukt om kvarandre, men oftast dominerer den eine forma (ibid: 14). Iyengar oppsummerer effektane av episodisk og tematisk framstilling slik:

[...] episodic framing tends to elicit individualistic rather than societal attributions of responsibility, while thematic framing has the opposite effekt. (ibid: 16)

Waldahl (2007) understrekar TV si viktige rolle overfor haldningar og meiningar i samfunnet: "TV er i dag det viktigste mediet i politikken, og dets håndtering av aktuelle politiske spørsmål preger samfunnets offentlige diskurs." (ibid: 200).

## 6. INTERNETTUNDERSØKING – GJENNOMGANG AV SEKS DEBATTAR OM SKULEUNIFORM

### 6.1. DEBATTAR – USA

#### 6.1.1. Debatt 1 (4forums)

Debatten<sup>14</sup> inneheld 355 innlegg som vart skrivne i perioden mellom 26.01.2003 og 18.08.2009.

Ein debattant i tråden påpeikar at ein ikkje treng 13 års trening for å førebu seg på yrkeslivet: "Children don't need to wear uniforms for 13 years to learn how to wear uniforms." (ibid: 1).

Andre, som debattanten med brukarnamnet jgliddy23, stiller spørsmålsteikn ved logikken bak koplinga mellom klede og intelligens eller læreevner: "People on boards of education seem to have this idea that if we dress smart then we are smart. If this was true everyone in the world would be wearing suits and nice clothing. But the fact of the matter is how we dress has nothing to do with our Iq." (ibid: 2).

Debattanten AMD4EVER er usamd i dette: "Is it going to make people smarter? Maybe. I think the way a person dresses will affect the way they act." (ibid: 2).

Det er mange innlegg som handlar om individualitet. Bertykins2004 meiner at dersom individualiteten i så stor grad er avhengig av klede, må det dreia seg om ein overflatisk person: " Making a person wear a uniform doesn't rob them of their individuality, it just allows them to express their uniqueness in different forms other than physically." (ibid: 3).

Brukaren med kallenavnet Gem02 uttrykkjer skepsis til å leggja restriksjonar på klede: "To me clothes is part of being an individual, and if we start dressing the same then where is the individuality in that?" (ibid: 3).

Ein annan debattant, LadyQ, skriv at ho sjølv er mor, og at sjølv om borna hennar vil få kle seg som dei sjølv vil når dei blir vaksne, vil ho ikkje tillata alle former for klede før det: "When my girls are grown and on their own they may be as individual as they so choose. At this point and time in their lives they are not permitted to dress a certain way." (ibid: 4). Ho er direkte i skildringa av somme born sine klede: "If the parents don't care what their child looks

---

<sup>14</sup> <http://www.4forums.com/political/education-debates/26-school-uniforms.html>

like or wears when they leave the house at least uniforms will prevent some children from looking like nothing more than a whore.” (ibid: 4).

Debattanten Beth meiner at skuleuniformer gjer elevane om til kopiar av kvarandre: ”They would end up being carbon copies of everyone else in their class. This is wrong and does not reflect the free country that America has worked so hard to become.” (ibid: 4).

Mischka påpeikar at klede ikkje er ein viktig del av livet i eit større perspektiv, og at ho som vaksen kan bedømme dette betre enn ho kunne som born: ”Sure, as a kid, I would have hated the idea of uniforms but then again, I wasn't as smart as I am now... You have no idea what's really important now and what you wear, isn't.” (ibid: 5).

Ein 14-årig elev som går på ein skule der dei brukar skuleuniform skriv: School uniforms do help in school. I'm 14 and just graduated 8th grade at a school that has uniforms. I like the uniforms because they make you focus on learning and not the clothes on the people around you.” (ibid: 6).

Motsetnaden mellom individualitet og tryggleik går også igjen i debatten: ”The true individuals will stand out no matter what they wear. I'd take safe over stylish any day. You can argue that uniforms won't guarantee safety but it's already been proven time and again that it increases safety.” (ibid: 5).

Men også her er det motstridande oppfatningar, av til dømes brukaren med kallenamnet Cleopatra: ”I don't think school uniforms cut down on the gangs, drugs, violence, etc. There are other places to hide drugs and weapons other than in the clothes of the student, like their bookbags, purses, or bodily orphases. I'm sure if students wanted, they would find some way to sneak it in.” (ibid: 6).

Også “xxlyssiexx” er usamd i at skuleuniform kan vera eit verkemiddel mot gjengmentalitet. Tvertimot: ”A gang member is going to be a gang member whether they are wearing a uniform or not. Actually it would make it harder to tell "dangerous" students from "normal" students because they would all be dressed alike.” (ibid: 7).

Brukaren “venombomb” meiner ei løysing er å innføra meir uformelle standardklede for elevane: ”My solution is to instead of uniforms have them wear a suit or something along the lines of professional dress. That way students can still wear somewhat whatever they want

and they can distinguish themselves from other students and still cut down on clicks, weapons, and are dressing more professional.” (ibid: 7)

Andre debattantar påpeiker at eit viktig argument for å innføra skuleuniform på skular der dei allereie har *dress code*, er at ein blir kvitt unødige organisering og byråkrati, og bruk av tid på å korrigerer elevane sine klede.

Den 15 år gamle debattanten “superhippo” kjenner seg ikkje igjen i påstandane om at skuleuniform hemmar elevane sin yringsfridom: ”The most important thing in life is who you are. Why aren't people focused on voicing who they are through their personality. And how they do things other than the wearing your favorite shirt saying your favorite line.” (ibid: 9).

Brukaren ”elw777” kjem med ei tilståing, etter at han har erfart uniform i militæret, og opplevde eit betre miljø: ”Call me shallow, call me whatever but it is true. I am guilty of judging someone solely by how they are dressed and how they look before I give them a chance to speak. Do I try to change that about myself? Yes. Am I successful? Sometimes I am, not as often as I would like. I challenge you to look inside yourself and make an honest self-evaluation. It's not very easy is it?” (ibid: 10).

Brukaren “cmcampbell1” er åleineforelder, lærar på ein offentleg skule, og har tre ungar som går på privatskule. Ho/han meiner at uniform er bra for born som ikkje har foreldre som bryr seg om korleis dei kler seg, og er usamde i at uniform hindrar kreativitet i skulen: ”As far as the "stiffling creativity" aspect--what a load of XXXX!! Students have an outlet for their creativity in school--math, band, choir, art, foreign language, English, and on and on and on.” (ibid: 12).

Ein annan debattant som er far til to jenter, ”Daddy Man”, har funne ut, etter å ha undersøkt positive og negative sider ved uniformering, at han er sterkt imot eit slikt tiltak: ”By making our students conform to the masses we are really relieving ourselves of the burden of good early parenting!! My daughters "free thinking" spirit and sense of "self" will be stunted should we as adults impose a restriction on her individuality by telling her she can no longer think for herself when she has already demonstrated that she is more than capable for doing so responsibly.” (ibid: 12).

Brukaren katdai stiller spørsmål ved om det ikkje ligg ein uheldig implikasjon i tilnærminga til eleven, når eit tiltak som uniformering er aktuelt: ”Everytime I read about issues involving schools, I find it ironic that the school automatically assumes every student will become a

trouble maker/horrible person. [...] Have schools become a society where innocence, not guilt, must be proven?" (ibid: 13).

Debattanten Shooterandproud går langt i å skildra måtane han eller ho meiner skuleuniform hemmar individualiteten til elevane. Han/ho gjekk før på ein skule med skuleuniformsordning, medan han/ho no går på ein utan: "Your clothes are your identity. When I look around at my new school, I see a whole bunch of different kids. All different personalities, styles, colors. When I looked around at my old school, I saw no one. I some people, but I didn't know who they were. They looked like they had no identity. Its like people walking around with no eyes, mouth, nose, or hair. Just a ball of skin on a pair of shoulders, no identity. It seems no different to me when you strip human beings of their right to free expression. I felt colorblind when I went to the other school." (ibid:16).

Brukaren antonia ser tilbake på skulen i USA på 70-talet, og hevdar at heile problemstillinga med restriksjonar på klede er eit teikn på underliggjande problem i vår tid: "I've seen school administrators lecture students on dress less riske than what we wore in the '70's. [...] But these administrators, and some teachers, project all sorts of their own psychological hang-ups on students, including attitudes that the students simply don't have." (ibid: 22).

Danning av kriminelle gjengar er ein problemstilling som også kjem opp. Brukaren Hemlock er inne på dette: "Gangs thrive on their symbol and giving them the ability to wear those symbols to identify themselves to be part of some horrible group benefits them. Why promote such a vile thing?" (ibid: 23).

### **6.1.2. Debatt 2 (America's Debate)**

Debatten<sup>15</sup> inneheld 206 innlegg, som blei skrivne i perioden mellom 28.03.2003 og 13.08.2004.

Det er mange innlegg som handlar om ytringsfridom, blant anna eit innlegg av brukaren GoAmerica: " I'm against it because it is against Freedom of Expression" (ibid: 1).

Brukaren Adrian poengterer også dette aspektet: " What about the 1st amendment? Freedom of expression? ...lack of conformity... Uniforms are all about making all the kids the same..." (ibid: 1).

---

<sup>15</sup> <http://www.americasdebate.com/forums/index.php?showtopic=1668>

Brukaren Platypus deler erfaringar frå eigen bruk av uniform i skulen: ” The fact is, it really did eliminate clothing as one more thing to obsess about, or pick on people for.” (ibid: 1).

Brukaren Eeyore peikar på påverknaden av kledda som ytre rammer: ” In some situations appearances create a better reality. I believe that there are limits as to what you should be allowed to wear to school.” (ibid: 2).

Nokre av dei eldre debattantane meiner fokuset på individualitet og ytringsfridom for elevane er overdrive. Skulen er ein plass for læring, meiner dei blant anna, og viser dessutan til uniformering i ulike yrke. Ein annan brukar, ConservPat, påpeiker at born har stort behov for å uttrykkja seg: ”I get where you're coming from but, you have to realize that kids have more of a need to express themselves more than most adults.” (ibid: 2).

Debattanten Bill55AZ meiner at læringsfokuset må prioriterast, og at elevane kan visa fram kledda sine etter skuletid: ”School is supposed to be a place of education. They can show off their boxers/baggy pants/emerging sexuality/etc. after school.” (ibid: 2).

EarlessBunny, ein debattant som går på ein offentleg skule utan uniform, meiner at effektane av uniform heller kan skapa *meir* distraksjonar: ”Sometimes the schools focus so much on kids being within dress code, that it takes away from the learning process a bit. Kids should dress appropriately for school, but they're not in prison.” (ibid: 3).

Mange argumenterer for at skuleuniform kan bidra til sosial utjamning og mindre mobbing, men ein del elevar kjenner seg ikkje igjen i premissen for argumentet, som brukaren SuzySteamboat: ”Speaking as a teenager, and having attended public school all but my freshman year, I can't say that I've ever seen someone making fun of someone else for how they dress.” (ibid: 3).

Brukaren GoAmerica peikar på positive effektar i retning sosioøkonomisk utjamning og redusert gjengkultur: ” it also eliminates the comparison of rich and poor., And it also eliminates gangs who wear certain clothes to show what gang they are in” (ibid: 3).

Økonomi og tryggleik blir nemnt fleire gongar. aquapub oppsummerer kort og greit: ”Also, its cheaper for parents and safer for kids. I'm for it.” (ibid: 4).

Det er likevel usemje om argumentet som handlar om økonomi. Debattanten Rattlesnake stiller spørsmål ved korleis det kan vera billigare for foreldre med skuleuniform: ”How is it



cheaper? You're required to buy both school uniforms and normal clothes for you kids to wear when they get home. That means you have to pay double.” (ibid: 4).

Ein ungdomsskuleelev, Kanyeshnah, meiner at ein bør gje slepp på litt individualitet for å oppnå disiplin i skulen: ” Also, in cases like these, I think it's good to trade individuality (clothingwise, just clothingwise) for some real discipline. BTW, I myself am in high school” (ibid: 4).

Ein annan elev har erfaringar frå ein privatskule der uniform var obligatorisk, og opplever at uniform skaper ei kjensle av likeverd mellom elevar: ”When a classroom is filled with children who are all dressed the same, the children themselves tend to view one another as equals. I went to a private school for two years where uniforms were imposed. It was the best two years of my education.” (ibid: 5).

Brukaren Rattlesnake har fleire innlegg. Han/ho er forelder sjølv, og er imot skuleuniform. Han/ho meiner å sjå at foreldra er meir opptekne av borna sine klede enn kva dei er sjølve: ”Actually, I've found that parents really think that clothes are even more important than their kids do.” (ibid: 6).

Brukaren slim er sjølv elev ved ein skule som har uniformsordning. Han/ho ramsar like godt opp kostnadane, og spør dei som er kritiske til prisen på uniform kva belegg dei har for å hevda dette: ”My uniform costs significantly less than the 'normal' clothes. Can you support the opposite idea, the one you stated? I don't think so!” (ibid: 6).

Ein 15 år gammal elev, brukaren gammer200316, meiner tanken på å gå med uniform er avskyeleg, og spør om ikkje folk fattar følgjene det får for elevane si kjensle av individualitet: ” Im 15 and i know about these thing.IT WOULD TAKE AWAY OUR INDIVIDUALITY!!!!Dont ya'll people understand that.” (ibid: 7).

Brukaren Corvus meiner individualitet og personleg uttrykk er vel og bra, men meiner at skulen er ein plass for læring: ” "Freedom of expression" is well and dandy, but you're under a contractual obligation to learn, not socialise, when you go to school.” (ibid: 7).

Brukaren APROD er grunnleggjaren av organisasjonen med same namn; ”APROD!”<sup>16</sup>. Ho meiner uniformbruk trugar foreldreretten til å oppdra borna, når skulen eller staten på denne måten vil avgjera korleis elevane skal kle seg. Ytringsfridomen til borna er heller ikkje berre

---

<sup>16</sup> <http://aprod.org/>

avgrensa til retten til å kunna uttrykkja seg, men omfattar også, meiner ho, retten til å ikkje bli tvinga til å uttrykkja noko ein ikkje vil: ”Freedom of expression includes not only the ability to express oneself, but it also includes its concomitant counterpart, that being the ability to refrain from expressing something. A uniform represents symbolic speech.” (ibid: 8).

Mange av debattantane er også opptekne av meir konkrete problem ved bruk av uniform. Ein elev fortel av eigne erfaringar om korleis det kan vera å gå med uniform ein varm sommardag: ”In the summer, it got hot, really hot, and the teachers would not allow us to roll up our sleeves, or untuck the shirts. Did I mention the school did not have air conditioning?” (ibid: 9).

Ein debattant, AGiantBean, som har vore elev både ved privat og offentleg skule, er glad for at han ikkje treng å gå med uniform meir: ”School uniforms tend to be pricey and aren't all that high in the quality-zone. For one, the shoes are utter crap. I went through about 3 a year. Besides that, most of all the kids just tend to hate the way the uniforms look.” (ibid: 10).

### 6.1.3. Debatt 3 (USA Today)

Debatten<sup>17</sup> inneheld 602 innlegg, der 600 av dei vart skrivne i perioden mellom 06.08.2007 til 10.08.2007.

Debatten består av kommentarar til ein artikkel av Spence (2007) i USA Today. Artikkelen handlar om at eit nytt skuleår snart er i gong, og at mange foreldre protesterer mot den aukande trenden med innføring av skuleuniform eller *dress codes* på fleire og fleire skular. Artikkelen omtalar historia bak skuleuniform, og David Brunsmas uttaler seg om korleis debatten har utvikla seg og om korleis skuleuniform begynte å bli vanlegare i private og offentlege skular i USA. Det er også intervju med nokre foreldre i samband med søksmål mot ein skule som har innført obligatorisk skuleuniform.

Kommentarane omfattar innlegg frå mange elevar, foreldre og tilsette i skulen. Ein elev som har gått på privatskule med uniform skriv om sine erfaringar og sine synspunkt: ”I believe that the uniforms are a good discipline to follow. [...] I think that there has been allot of abuse by kids wearing oversized pants that can hold items that are not school related. It has now become a security risk to the rest of the students. They learn that it is not what they wear that

---

<sup>17</sup> [http://www.usatoday.com/news/education/2007-08-05-uniforms-protest\\_N.htm?loc=interstitialskip](http://www.usatoday.com/news/education/2007-08-05-uniforms-protest_N.htm?loc=interstitialskip)

counts by wearing a uniform. It helped me to develop my personality and studies. After school the kids change into play clothes.” (ibid: 60).

Ein anna debattant peiker på at ein ikkje må gløyma læringsperspektivet i alt fokuset på elevane sine behov for å ”vera seg sjølve”: ”Those who want their kids to "be themselves" forget that they're being sent to school to learn, and anything that seriously interferes with that pursuit must be addressed.”

Ein annan debattant, nightswimmer, er sjølv forelder, og er klar på fordelane med skuleuniform: ”[...] as a person who attended schools with and without uniforms, and who has a child who's done so as well, I have seen the difference in safety and order that uniforms provide.” (ibid: 60).

Brukaren finnboo reagerer sterkt på foreldra som uttaler seg i hovudartikkelen (Spence 2007), og meiner at argumenta dei brukar ikkje held mål. Ho/han meiner det er opplagte fordelar med skuleuniformer: ”Very little thought needs to go into what to wear that day, the clothes are usually more durable than normal clothes, and they can be used in situations beyond school, if desired. It "levels" the fashion scene somewhat, meaning less discrepancy between rich and poor, meaning[...] [f]ewer distractions, since everyone is pretty much wearing the same thing. [It] [m]akes those not supposed to be on the campus look out of place. (Perhaps the teachers should wear a uniform too!). Facilitates school spirit. Takes pressure off of parents to buy kids all the newest fashions [...] (ibid: 59)

Endå ein brukar som er tilhengjar av skuleuniformsordninga er FedUp2: ”School uniforms eliminate the need for competition in an area where there should not be competition - clothing. You want to compete in sports, grades, activities - fine.” (ibid: 58).

Brukaren dch er overtydd om at skuleuniformer har mange positive verknader, som til dømes at det blir mindre skilje mellom fattig og rik, og at det blir billigare for foreldra: ”It is wonderful! As a teacher, it helps you know if a person is a student, it decreases the bridge between poor and rich, and it is cheaper for all parents.” (ibid: 56).

Ein annan brukar, ”wcwh2opolo”, meiner at folk må innsjå at skulen er meint å vera ein læringsinstans, ikkje ein sosialiseringinstans: ”I was educated in the U.S. as well as in Australia where uniforms are mandatory in all schools both public, and private. I wholeheartedly support school uniforms. They eliminate all social stress related to clothing, and

tend to level the socio-economic playing field that often occurs on the school grounds. People need to realize that school is about learning - not socializing!" (ibid: 55).

Brukaren med kallenamnet "marajez" er meir skeptisk til motivet bak innføring av skuleuniform, og meiner at det er å gå etter symptomet heller enn dei eigentlege årsakene for problema i skulen: "if a school needs to implement a uniform policy to control it's students- it has bigger problems than the clothes. taking away a symptom doesn't cure the ill." (ibid: 54).

Ein lærar med kallenamnet "MesquiteMamma" er oppgitt over å måtte oppdra andre sine ungar når foreldra behandlar ungane som om dei var vaksne: "Remember these are CHILDREN not adults. Quit treating them as such! And yes, it is inappropriate to wear these things to school. Its school, not the mall or a skate park!" (ibid: 51).

Mange av debattantane skriv at foreldre burde fokusera meir på at elevane får god undervisning, enn grunnlovsrettane deira. Men brukaren "Zoomzoom Diva" meiner at det å læra elevane å kunna stå imot statlege overgrep og å ta personleg ansvar også er viktig: "[...] opposing excessive government intrusion and promoting personal responsibility and individualism are some of the most important things a parent can teach a child. These things do matter." (ibid: 45).

Brukaren "gorgonzolla" meiner at konflikten dreier seg om ein vil støtta ein skule styrt av lærarar og skuleadministratorar eller ein skule styrt av elevane: "Having school uniform policies empowers the school, its teachers and administrators. Allowing studnets to wear what they want empowers the students. Now, who do you want running the schools, the adults in charge or the students." (ibid: 43).

Brukaren "jmackie" har gått 12 år på privatskule med obligatorisk skuleuniform, og uttrykkjer seg alt i alt positivt til ordninga: "1, it teaches students discipline. 2, it prepares them for the work world (seeing how most jobs have a dress code) and 3, it unites the students together and no one is really looking at how you dress- to the parents who say that it violates their and their childs rights to express their individuality, are crazy if they think that the only way they can do that is by wearing a sports jersey to school." (ibid: 34).

Ein annan tidlegare elev på ein skule med skuleuniform ser også positivt på tiltaket: "Having worn uniforms or dress codes my entire life at school, I will be the first to say I support them. [...] Ultimately, I am thankful for this dress code because it made me accustomed to how to look professional" (ibid: 30).

Somme er også kritiske til skuleuniform, som “Lkayne”, som meiner at skuleuniform berre er masker for å skjula dei personlege og samfunnsmessige problema som ligg under: ”Uniforms may hide the issues. Uniforms don't fix or change the problms. They are a feel-good mask. Uniforms hide diversity and creativity. What a shame. Uniforms don't promote responsible parenting, or children that will make appropriate CHOICES.” (ibid: 22).

Brukaren “Realist2” er samd, og ber om gjensidig respekt for korleis kvar forelder vel å kle borna sine: ”I would never tell a parent not to dress their kid in a uniform, please don't tell me to dress my kids in uniforms.” (ibid: 22).

Brukaren “vegasrob” samanliknar innføring av uniform i skulen med innføring av fartsgrenser på vegen, og meiner at dei mange eksempla på at elevar er usømeleg kledd, legitimerer innføring av skuleuniform: ”(...) being around kids all day in educational institutions I can say some parents have abdicated their responsibility. Because some abdicate, sometimes, for the good of society, some lose out. Jeff Gordon could safely drive 200 mph on highways, but some folks cannot, thus for the good of society, we make speed laws.” (ibid: 16).

Ein annan brukar, “alasdndra”, meiner at det er feil å prøva å gjera alle elevane like fordi nokon fell utanfor, og at det alltid vil vera personar som vil skilja seg ut: ”Some kids are fat, are you going to prevent obese children from attending school because they will interfere with things running smoothly?” (ibid: 15).

Somme peikar på fordelar med uniform samanlikna med klesreglar (“dress codes”), som brukaren ”annonymous”: ”Enforcing "dress codes" is much more time and labor intensive for school personnel. I believe that is why many school systems have chosen to go to uniforms. The policy is much more easily enforced.” (ibid: 13)

Ein lærar med brukarnamnet “prestonlewis” skriv at uniform hjelper på tryggleiken, ved å identifisera uønska personar i skulegården: ”[...] when I'm supervising recess, lunch, etc. at the school I work for, uniforms help immensely in spotting kids who are not supposed to be on our campus. High schoolers skipping school coming to a middle school, other truant kids, or even young adults causing problems. For staff, the use of uniforms is great in identifying who belongs on the campus and who does not.” (ibid: 3).

Ein av dei siste innlegga i kommentartråden kjem frå ”Thompsonracing42”, som meiner at ein må ha vore elev både på skular med og utan uniform for å kunne seia noko om saka: ”Unless you've been a student in both a school that mandates a uniform and one that does not have a

dress code, you really do not know which is better. The students are the ones that can decide whether they like a dress code or not.” (ibid: 2).

## **6.2. DEBATTAR – NOREG**

### **6.2.1. Debatt 4 (Kvinneguiden)**

Denne debatten inneheld 16 innlegg, som blei skrivne i perioden mellom 25.08.2003 og 27.08.2003.

I denne debatten<sup>18</sup> kjem deltakarane snart inn på problemstillingar om kjøpepress. ”Coolaid” er samd i at uniformering kan vera eit bra tiltak overfor problem som kjøpepress og familieøkonomi: ”I veldig mange kretser er man ikke med dersom man ser litt anderledes ut. Det er også et stort press mot foreldre som ikke alltid har økonomi til dyre merkeklær” (ibid: 1).

Brukaren ”1111” nemner også tidsbruk og sosial aksept som grunnar for eit slikt tiltak: ”1. fordi det er praktisk, ikke no hmm..hva skal jeg ha på med idag da? 2.fordi ingen trenger å bekymre seg for om det de går med er "godtatt”.

Men nokre uttrykkjer skepsis, i høve til identitet, personleg uttrykk, og økonomi: ”Man tar vekk en del av personligheten din. De som liker å uttrykke seg innen klesveien mister muligheten til dette. Er de dyre?/Samtlige foreldre får NOK EN utgiftspost...” (ibid: 1).

Brukaren chimp meiner at uniformering i skulen ville vera eit steg i feil retning: ”Syns d må være rom for individualitet i samfunnet vårt, og en innføring av skoleuniformer ser jeg på som et stort steg i motsatt retning!”

Debattanten Malena meiner at problemet med kjøpepress og mobbing er eit oppkonstruert problem: ”Hvis foreldrene lar seg påvirke av barna sine til å kjøpe dyrere klær enn de egentlig har råd til, ja, da er det foreldrene som har et problem. Og hvis det faktisk er slik at barnet blir mobbet om han/hun ikke går i bukser fra kr. 700,-1200,- da hadde jeg faktisk valgt å flytte et annet sted.” (ibid: 1).

---

<sup>18</sup> <http://forum.kvinneguiden.no/index.php?showtopic=45796>

### 6.2.2. Debatt 5 (Aftenposten)

Debatten<sup>19</sup> inneheld 33 innlegg, som vart skrivne i ein fire timars periode, 15.11.2005.

Saka (Dahle 2005) som er utgangspunkt for debatten, handlar om ei utsegn frå leiaren i KrF i Kristiansand, Jørgen Kristiansen: Ein av dei første brukarane i debatten framhevar mobbing som eit argument for uniformering: ”Skjønner ikke at det ikke allerede er innført. Beste tiltak man kan ha mot noe så sykt som mobbing PGA feil klær!” (ibid: 3).

Ein annan brukar ymtar om at framlegget om uniform i skulen viser dobbeltmoral hos politikarar: ”Ja.. la oss kamuflere fattigdommen så ingen ser den sier krf” (ibid: 2).

Brukaren AndreasW peiker på ein mogleg effekt når det gjeld kjøpepress: ” Et kjempe forslag. Spesielt viktig er det å skåne ungene lengst mulig mot det veldige kjøpepresset som de møter i hverdagen.” (ibid: 2).

Ein annan brukar, ”Elev”, meiner at framlegget er avleggs: ” Dette er jo ti år tilbake i utviklingen! La folk få gå i valgfri klær og sett heller opp til fornuftige tiltak i skolen for å unngå mobbing!” (ibid: 2).

Åtferd er også eit tema i debatten: ” Ved å måtte ikle seg uniformen markeres skillet mellom fritid og skole mye tydeligere, noe som kanskje også kan gi positive utslag på atferden.” (ibid: 2).

Debattanten lbs hevdar at korkje kjøpepress eller økonomiske ulikskapar kan kurerast ved bruk av uniform i skulen: ”For det første viser jo erfaring fra England at skoleuniformer på ingen måte demper presset mellom elever. For det andre er det nettopp fattige familier som sliter mest med skoleuniformer” (ibid: 1).

Brukaren MLF omtalar gruppeidentitet, sosial utjamning, og tidsbruk: ”1) barna skal identifisere seg med sin skole 2) ingen skal stikke seg ut pga klær. Dessuten slipper foreldrene å kranlge med ungene om hva de skal ha på seg hver morgen.” (ibid: 1).

Problemstillingar om integrasjon blir også omtalte i debatten: ”Jeg støtter dette forslaget fordi jeg tror det vil bidra til integrering av innvandrere (alle samme klesdrakt), samt at de som kommer fra mindre ressussterke hjem ikke vil bli mobbet av jevnaldrende fra mer velstående hjem.” (ibid: 1).

---

<sup>19</sup> <http://debatt.aftenposten.no/item.php?GroupID=10&ThreadID=195691>

### 6.2.3. Debatt 6 (Diskusjon.no)

Debatten<sup>20</sup> inneheld 93 innlegg, som blei skrivne i perioden mellom 28.05.2007 og 12.06.2007.

Debatten startar med at brukaren Georgio spør kva som skulle vera motargument imot skuleuniform. "Nikon" er ein av dei som svarar: "Mennesket vil alltid ha behov for å uttrykke seg gjennom klesvalget. Et fargerikt felleskap gjør at man er flinkere til å benytte sine kreative sider. I fremtiden er det de kreative som vil komme lengst. Muligheten til å selv bestemme er viktig." (ibid: 1).

Georgio svarar med å peika på moglege positive effektar av uniformering: "[Skolen vil] virke mer seriøs når man bærer en uniform. Skolen vil virke mer høytidlig, og skoleuniform har hatt stor suksess i mange utenlandske skolesystemer." (ibid: 1).

Brukaren Raptor meiner at tiltaket kan dempa kjøpepress og mobbing, og føra til meir disiplin: "Det vil effektivt få slutt på problematikken rundt kjøpspress og mobbing på grunn av feil type klær. [...] Norske skoleelever har ikke vondt av mer disiplin!" (ibid: 1).

Brukaren Trynemjoel peikar på at elevar allereie kler seg i uniform i russetida, så korfor skulle dei ikkje gjera det ellers også: "Ser egentlig ikke stort galt i en ordning med skoleuniformer, skoleelever hopper jo så fort som mulig inn i russeklær/uniform når tiden er inne." (ibid: 2).

Somme, som brukaren Jonnar, har også erfaringar med skuleuniform frå utanlandsopphald, og peiker på at uniform medverka til å skapa eit skilje mellom heimen og skulesfæren: "Det blir et ekstra skille mellom hjemme og skolesfæren." (ibid: 2).

Men ikkje alle forstår argumentet som handlar om mobbing: "jeg ble til en viss grad mobbet på ungdomskolen for sveisen min, skal vi forby langt hår på grunn av det?" (ibid: 2).

Ein debattant, Kasparov, skjønar ikkje kvifor mindretallet skal avgjera tiltak som skal femna om alle: "Hvorfor skal flertallet tilpasse seg mindretallet ved å gå med skoleuniform bare fordi noen er tjukke, ikke har råd til moteklær, etc. Det er uansett ikke så alvorlig.". Han føyer også til at; "Skoleuniformer er upersonlige." (ibid: 3).

---

20

<http://www.diskusjon.no/index.php?session=1adb3a471df882b506089fecee4ff2f8&showtopic=772580&hl=skoleuniform>



Brukaren Bruktbilen meiner at mobbing som følgje av klesbruk er eit problem først og fremst blant jenter: ”Det med klær har mer med jenter å gjøre tror jeg, de bytter antrekk mer eller mindre hver dag, noe jeg ikke kan forstå hvorfor. For gutter så tror jeg ikke mange bryr seg om hva andre har på seg, hvertfall av det jeg har opplevd.” (ibid: 4).

Individualitet er også noko som blir vektlagt i debatten: ”Vi er alle unike og ingen like, hvorfor skal vi så absolutt gå kledd likt?” (ibid: 4).

### **6.3. HOVUDTREKK VED DEBATTANE**

#### **6.3.1. Debattantar frå USA si vektlegging av argument**

I debatt 1 er det mange debattantar som er opptekne av elevane si *kjensle av individualitet*. Motstandarane av bruk av uniform hevdar at det medverkar til å skapa konformitet blant elevane, og fleire viser til innhaldet i det første grunnlovstillegget i USA si grunnlov, som inneheld formuleringar om retten til ytringsfridom. Tilhengjarane, på den andre sida, meiner at individualiteten ikkje blir, eller i alle høve ikkje *bør* bli, truga av uniformering i skulen.

Sosioøkonomisk utjamning er også noko som blir omtalt som ein mogleg effekt av uniformering av somme, mens andre meiner at kleda aldri er avgjerande for korleis ein blir dømt, så lenge ein har nokolunde sømelege klede.

Fleire debattantar meiner også at elevar i USA i dag kler seg usømeleg. Dette handlar særleg om jenter som kler seg utfordrande, til dømes med for korte skjørt. Somme ser på uniformering som eit effektivt tiltak mot dette.

I debatt 2 er det langt fleire som argumenterer mot uniform, enn for. Det vanlegaste motargumentet, er at bruk av skuleuniform trugar individualitet som følgje av innskrenka personleg fridom. Ei eller anna form av dette argumentet går igjen i langt over halvparten av uniformmotstandarane sine innlegg. Eit anna mykje brukt argument er at kreativitet i læring blir svekka, som følgje av innskrenka fridom til personleg uttrykk. Mange meiner dessutan at uniformering går ut over elevane sin komfort, fordi uniformane er ubehagelege å gå i.

Dei som argumenterer for uniformering i debatt 2 er mest opptekne av sosial utjamning, økonomisk integrasjon og familieøkonomi, læring som følgje av orden, og det at uniform kan gje auka identitet fordi eit overflatisk fokus på mote blir fjerna. Mange er også overtydde om at uniformering kan forbetra tryggleiken i skulen.

Problemstillingane i debatt 3, er temmeleg ulike dei som blei vektlagt i debatt 2. Det er til dømes langt fleire som er positive enn negative, til bruk av skuleuniform. Dette kan til ein viss grad komma av at innlegga er retta mot artikkelen til Spence (2007), som starta debatten. Denne skildrar foreldre som er skeptiske til uniform, og dette kan innby til motargumentasjon, i dette høvet til argument *for* uniformering i skulen.

Argumenta som går i favør av uniformering, legg blant anna vekt på sosial utjamning, tryggleikseffekt av at elevane kan gjenkjennast, ordens- og læringsfokus, og meir sømeleg framtoning som følgje av uniform.

Mange av motstandarane av tiltaket hevdar at det er ein måte for skulen og foreldre til å maskera dei *eigentlege* problema i skulen, at tiltaket er populistisk, og at det illustrerer manglande handlingsevner overfor problem i skulen. Det er også fleire som meiner at bruk av uniform trugar foreldrerettar, ved at ein tar frå foreldra retten til å oppseda sine egne born. Det er også fleire debattantar som er elevar sjølv, og som meiner at tiltaket er imot kvar einskild elev sin rett til ytringsfridom.

Tabell 1 viser dei ulike argumenta, rangert ut frå kor viktig rolle dei spela for debattantane, samla sett.

**Tabell 1. Debattantar frå USA si vektlegging av argument for og mot bruk av skuleuniform**

| <b>Argument for bruk av skuleuniform</b> | <b>Argument mot bruk av skuleuniform</b>  |
|--|---|
| Sosial utjamning                         | Individualitet som følge av ytringsfridom |
| Læringsfokus som følge av orden          | Kreativitet som følge av ytringsfridom    |
| Familieøkonomi/økon. integrasjon         | Familieøkonomi (økon. integrasjon)        |
| Tryggleik/åtferd                         | Kleskomfort/foreldrerettar/m.m.           |

### **6.3.2. Norske debattantar si vektlegging av argument**

I debatt 4, på Kvinneguiden, er det om lag *tre gongar fleire* som er positive enn som er negative, til bruk av skuleuniform. Dei som er positive til tiltaket, er opptekne av tidsbruk, familieøkonomi, kjøpepress og mobbing. Motstandarane meiner at det reduserer elevane sin personlege fridom og at det er dyrt, at det utgjør ein ekstra kleskostnad.

I debatt 5, kommentarane til artikkelen i Aftenposten, er det også eit overveldande fleirtal som er positive til tiltaket; dei som er *for* utgjør meir enn det dobbelte av dei som er imot.

Forkjemparar er klart mest opptekne av at uniformering kan redusera mobbing, utjamna sosiale ulikskapar, og av disiplin og åtferd i skulen. Somme er også opptekne av familieøkonomi.

Motstandarane i debatt 5 er opptekne av elevane sin individualitet og familieøkonomi, og at uniform kan vera dyrt.

Den siste norske debatten, på Diskusjon.no, skil seg tydeleg frå dei to andre debattane både i argumentfordeling og argumentbruk. Her er det *litt færre* som er for uniformering, enn som er imot. Dei som er imot bruk av uniform er også her opptekne av individualitet, elevrettar og ytringsfridom. Det nest mest brukte argumentet imot uniformering er at det er ukomfortabelt. Somme påpeikar også at det kan gje høgare kostnader.

Dei som er positive til uniform i debatt 6, argumenterer i størst grad med at det kan motverka mobbing og at det kan gje auka læring og forbetra åtferd gjennom ordenskjensle.

Tabell 2 viser fordelinga av dei argumenta som er mest brukt av norske debattantar, for og imot uniformering.

**Tabell 2. Vektlegging av argument for og mot bruk av skuleuniform blant elevar og foreldre frå USA og Noreg**

| Argument for bruk av skuleuniform | Argument mot bruk av skuleuniform |
|-----------------------------------|-----------------------------------|
| Mobbing                           | Individualitet                    |
| Orden/disiplin                    | Familieøkonomi                    |
| Kjøpepress                        | Kontroll/overformynderi           |
| Tidsbruk                          | Kreativitet                       |

### 6.3.3. Skilnader i bruk av argument blant born og foreldre

Deltakarane i debattane utgjer eit utval av innbyggjarane. Dette utvalet femner om ulike grupper som er påverka av den situasjonen dei er i. Uniformering som tiltak i skulen verkar i høg grad inn på born som er elevar i skulen, og foreldre som har born i skulen. Derfor er det interessant å kartleggja kva argument desse gruppene legg vekt på, og korfor.

Ein kan seia noko om kven deltakarane i debattane er, ved å sjå på måten dei uttrykkjer seg, og kva dei uttrykkjer. Somme, særleg i lengre innlegg, introduserer seg, og fortel kva bakgrunn dei har. Andre formulerer seg på ein måte som indikerer at dei høyrer til ei av gruppene; ”In our school...” eller ”My kids...”. I tillegg kan ein ofte trekkja slutningar om kva

gruppe dei høyrer til, ved å tolka språket. Born nyttar i større grad enn vaksne utradisjonelt språk og uttrykk som er vanleg for sosial interaksjon på internett. Dette handlar mellom anna om bruk av "smileys" og teikn som er typisk for internettkommunikasjon, skrivemåten er ofte uformell: "<<<Well,you can pick your clothes out beforehand.>>>", eller; " I think there's something WAAAAAY wrong with that.", eller "kan ikke tenke meg å gå i det x)".

Denne språkbruken er til dømes meir brukt i debatten frå America's Debate enn den frå USA Today, og meir brukt i debatten frå diskusjon.no enn i den frå Aftenposten. Det er då heller ikkje tilfeldig at gruppene er ulikt fordelte på dei ulike debattsidene. På kommentarsidene ligg det til dømes innebygd som eit kjenneteikn ved sjølve sjangeren at deltakarane skriv innlegget som ein reaksjon på det dei har lest i nyhendeartiklar. Eldre bruker ofte, meir enn yngre, internett til å oppdatera seg på nyhende (Liestøl og Rasmussen 2007). På desse sidene er språkbruken meir tradisjonell, med færre innslag av internettsjargong.

Ut frå desse kjenneteikna kan ein sjå mønster i argumentbruken og i fokus på problematikk, og dette dannar grunnlag for ei kartlegging av kva dei ulike gruppene av deltakarar meiner:

*Born* er langt meir negative til bruk av uniform enn andre debattantar, og legg hovudfokuset på problemstillingar som individualitet, yringsfridom, sosiale skilnader mellom elevar, mobbing og komfort ved klesbruk. Det som skiljer dei mest frå dei andre gruppene, er fokuset på yringsfridom og kleskomfort.

*Foreldre* er, jamnt over, positive til uniformering i skulen, og er opptekne av elevane sin kreativitet, mobbing, familieøkonomi, sosioøkonomisk klasseskilje, overformynderi, retten til å oppdra sine eigne born, tryggleik, og at borna er kledd sømeleg. Det som skiljer dei mest frå dei andre gruppene, er fokuset på tryggleik og overformynderi frå staten.

#### **6.3.4. Skilnader i bruk av argument blant innbyggjarar frå Noreg og USA**

Tilhøvet mellom dei som er positive og dei som er negative til skuleuniform, varierer meir mellom dei enkelte debattane, enn mellom landa. Likevel kan ein konkludera med at dei norske debattantane er litt meir positive til uniformering enn debattantane frå USA. Ein annan skilnad er at norske foreldre er meir positive til uniformering enn foreldre frå USA i desse debattane.

Både blant debattantar frå Noreg og USA er trugsmål mot individualitet det viktigaste argumentet mot uniformering. Når det gjeld argument *for* uniformering er desse meir variert.

Dei mest brukte argumenta *for* uniformbruk er *sosial utjamning, familieøkonomi, og læringsfokus* i USA, og *mobbing, kjøpepress og disiplin* i Noreg. Det er fleire som vektlegg tidsbruk i Noreg, særleg foreldre. I USA er det mange som vektlegg tryggleik, særleg foreldre og andre vaksne. Dette blir ikkje nemnt blant norske debattantar. Tabell 3 viser ei grov oversikt over kva dei ulike gruppene meiner.

**Tabell 3. Dei mest brukte argumenta for og mot bruk av skuleuniform blant born og foreldre**

|                 | Argument for bruk av skuleuniform  |                                 | Argument mot bruk av skuleuniform                 |   |
|-----------------|------------------------------------|---------------------------------|---|---|
|                 | USA                                | Noreg                           | USA   | Noreg                                       |
| <b>Born</b>     | Sosial utj./ læring/<br>økonomi    | Mobbing/ læring/<br>kjøpepress  | Individualitet/<br>kreativitet/ komfort           | Individualitet/<br>komfort/ kreativitet     |
| <b>Foreldre</b> | Sosial utj./<br>økonomi/ tryggleik | Mobbing/<br>kjøpepress/tidsbruk | Individualitet/<br>foreldrerettar/<br>kreativitet | Individualitet/overfo<br>rmynderi / økonomi |

#### 6.4. OPPSUMMERING

Undersøkinga viser at det er langt fleire som er *for* uniformering i skulen blant foreldre, enn blant born. Foreldre er meir opptekne av økonomi og tryggleik enn born. Born er meir opptekne av læring og kreativitet enn foreldre. Blant dei som er skeptiske til uniformering, meiner både foreldre og elevar at tiltaket kan truga elevane si kjensle av individualitet.

Det er litt fleire som er positive til bruk av uniform blant norske debattantar, men alt i alt er foholdet mellom tilhengjarar og motstandarar ganske likt i debattar frå USA og Noreg. Debattantar frå USA, særleg foreldre, er meir opptatte av tryggleik, enn norske debattantar. Mange debattantar frå USA er også opptekne av kva for økonomiske konsekvensar tiltaket har for familien. Norske debattantar er meir opptekne av eleven sitt velvære, og ser dette i samanheng med mote- og kjøpepress eller mobbing.

## 7. AVSLUTNING

### 7.1. DRØFTING

#### 7.1.1. Skilnader blant innbyggjarar frå USA og Noreg

USA er det landet i verda med flest etniske grupper (Moen 2005: 81). Dette utgjer ein sterk kontrast til det etnisk og kulturelt homogene norske samfunnet, og til mange andre vestlege samfunn. Ein kunne derfor tru at religiøs og kulturell fridom ville vera eit meir aktuelt tema i skulen i USA enn i Europa, men dette er ikkje tilfellet. Om ein skal dømme ut frå aktuelle debattar er det eit større fokus på dette i Europa, der debatt om hijab har vore meir framme enn i USA (Gereluk 2008: 42). Dette kan vera eit tankekors, men Ole O. Moen (2009) peikar på ei mogleg forklaring. USA har ei sterk nasjonalidealisme, som han kallar ”supernasjonalismen” (ibid: 73). Denne fungerer som ein solid ideologiplattform på tvers av etniske grupperingar, og Moen meiner at dette har ført til at mange innbyggjarar ser på seg sjølv som (nord-) amerikanarar, heller enn som medlemmer av ei bestemt etnisk eller kulturell gruppe (loc.cit.).

Både norske debattantar og debattantar frå USA er opptekne av individualitet i debattane om skuleuniform. Retten til yringsfridom er likevel noko som blir lagt større vekt på av debattantar frå USA. Den amerikanske grunnlova inneheld ti grunnlovstillegg som går under namnet *The Bill of Rights*. Det første grunnlovstillegget, som slår fast retten til yringsfridom (National Archives)<sup>21</sup>, blir brukt av mange av motstandarane av skuleuniform til å visa at restriksjonar på klede er grunnlovsstridig. USA er historisk sett blitt oppfatta som eit symbol på fridom og demokrati, eller som Moen (2009) skriv: ”et reservoar av myter og legender, drømmer og ambisjoner, ofte av det ideelle og uoppnåelige” (ibid: 62). Somme vil hevda at dette ikkje alltid harmonerer med dei faktiske tilhøva for yringsfridom. Ei oversikt av *Reporters Without Borders* (2009)<sup>22</sup> rangerer nivået av yringsfridom i alle land i verda, på grunnlag av tilbakemeldingar frå journalistar og medieeksepertar i ei årleg spørjeundersøking. Her hamnar Noreg på ein delt førsteplass og USA på 22. plass.

---

<sup>21</sup> [http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill\\_of\\_rights\\_transcript.html](http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill_of_rights_transcript.html)

<sup>22</sup> <http://www.rsf.org/en-classement1003-2009.html>

Det *andre* grunnlovstillegget (National Archives)<sup>23</sup> slår fast retten til å bera våpen for personar over 18 år (med visse unntak). Somme vil hevda at denne lova kan ha medverka til auka kriminalitet i USA, fordi ho legg til rette for stor tilgang til våpen. USA har då også eit langt høgare folketal enn Noreg, med mange storbyar og urbane område. Det er likevel ein stor prosentvis skilnad på til dømes talet på drap i USA og i Noreg. Statistikk frå *Federal Bureau of Investigation*<sup>24</sup> og Statistisk sentralbyrå<sup>25</sup> viser at 16 740 drapssaker blei etterforska i USA, mot 46 i Noreg, i 2005. Folketalet i USA var då om lag 300 millionar, og folketalet i Noreg var om lag 5 millionar.

Den høge kriminaliteten i USA kan gje ei mogleg forklaring på korfor debattantar frå USA er meir opptatte av tryggleik. Det kan likevel tenkjast at det finst forklaringar som er mindre synlege. Somme vil hevda at bruken av skuleuniform i USA fungerer som ein samfunnsstrategi overfor framande, slik Bauman (1997) bruker dette omgrepet. I Bauman sin samfunnsanalyse ser han det slik at alle samfunn *produserer framande*, men at ulike samfunn har ulike måtar å tilnærma seg framande på. I moderne samfunn, meiner Bauman, var (eller er) framande dei personane som ikkje passar inn i samfunnet sine ordna former, på same måten som dei kognitive hierarkia som Riesman skildra (2001/1961: 15). Dei framande representerer derfor eit problem for styresmaktene, ettersom dei ikkje passar inn i elles produktive system. Bauman forklarar dette slik:

Merely by being around they interfered with the work the State swore to accomplish, and undid its efforts to accomplish it. The strangers exhaled uncertainty where certainty and clarity should have ruled. (Bauman 2007: 18)

Somme vil tolka hendingar i etterkant av terroråttaket i USA den 11. september 2001 som at dei medverka til å auka frykt i folket mot "det framande". I etterkant av hendinga har USA innført tvilsame tiltak som fleire har stilt spørsmål ved ut frå menneskerettsomsyn, som til dømes interneringa av politiske fangar på Guantanamo (Amnesty)<sup>26</sup>. Dette kan tolkast som det Bauman (1997:18) kallar *antropoemisk strategi*: "vomitting the strangers, banning them from all communications with the orderly world [...]".

---

<sup>23</sup> [http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill\\_of\\_rights\\_transcript.html](http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill_of_rights_transcript.html)

<sup>24</sup> [http://www.fbi.gov/ucr/cius2008/data/table\\_01.html](http://www.fbi.gov/ucr/cius2008/data/table_01.html)

<sup>25</sup> [http://www.ssb.no/a\\_krim\\_tab/tab/tab-2007-08-13-06.html](http://www.ssb.no/a_krim_tab/tab/tab-2007-08-13-06.html)

<sup>26</sup>

<http://www.amnesty.no/web.nsf/e6a60ea6a9bfd96ac1256e2e0037d971/5180d4e70eed2d8ac1257029004c735a?OpenDocument>

Dersom ein ser bruk av skuleuniform i lys av samfunnsstrategiar for å handtera framande, kan det bli tolka som ein *antropofagisk strategi*. Bauman (1997) forklarar innhaldet i dette uttrykket slik:

This was the strategy of assimilation: making the different similar; smothering of cultural or linguistic distinctions; forbidding all traditions or loyalties except those meant to feed the conformity to the new and all-embracing order; promoting and enforcing one and only one measure of conformity. (Bauman 1997: 18).

Blant debattantar frå Noreg og USA kan ein sjå ulik språkbruk. Norske debattantar nyttar til dømes ofte ord som *kjøpepress* og *mobbing*, medan debattantar frå USA oftare nyttar ord og uttrykk som *social inequality*, *socioeconomic status* og *costs on parents*. Dei norske debattantane framstiller uniform som ein fordel eller ei ulempe, først og fremst med tanke på *elevane*. Debattantane frå USA, derimot, er opptatt av korleis tiltaket vil påverka *familien* sin økonomi, samt konsekvensar for sosiale likskapar og skilnader i *fellesskapet*.

Det kan gje meining å sjå vektlegginga av familieverdiar blant debattantar frå USA i lys av Arne J. Vetlesen (1996) sitt omgrep *kommunitarisme*. Vetlesen introduserer omgrepet slik: ”En offentlig filosofi for det 21. århundre vil måtte legge større vekt på fellesskapet enn på retten til å treffe individuelle beslutninger.” (ibid: 14). Ei slik tolkning skiljer seg fundamentalt frå ideen om at bruk av skuleuniform i USA er ein antropofagisk strategi overfor framande (jamfør Bauman 1997). Den antropofagiske strategien er ifølgje Bauman eit trekk ved moderniteten (ibid: 18). Kommunitarismen står derimot i opposisjon til det moderne: “På sitt mest grovkornede er kommunitarismen en ihuga *modernitetskritikk*” (Vetlesen 1996: 15).

Debattantane frå USA legg vekt på familieverdiar, men også det at elevane bør framstå som sømelege. Somme vil sjå dette i samband med religion. Moen (2009) nemner blant anna *folkereligiøsitet* og *puritanisme* (ibid:31) som viktige trekk ved kulturen i USA.

Dei norske deltakarane legg vekt på *individet* meir enn deltakarane frå USA. Ein måte å tolka dette er at den norske skulen er prega av ein *kravløs humanisme*, som Alfred O. Telhaug (Aftenposten 10/2003) kallar det. Dei norske debattantane er meir opptekne av borna sin personlege mentalhygiene, enn å oppdra dei til borgarar som ein integrert del av familie og samfunn. Telhaug (2003) ser problem i den norske skulen i samband med reformpedagogiske ideal, den *elevsentrerte pedagogikken* som vaks fram på 70-talet. Dette framstår på mange måtar som ein motsats til moglege kommunitaristiske tendensar blant



debattantane frå USA. Dei norske debattantane og problema i den norske skulen representerer problem som kjenneteiknar *det moderne*.

Moen (2009: 177) kommenterer tradisjonen for lobbyverksemd i USA, som har blitt ein stor industri, og som femner om pressgrupper som hevdar ulike interesser. Lobbyverksemd kan ha mykje å seia for politiske avgjerder. Interessegrupper, som til dømes religiøse grupper eller grupper som arbeider for ytringsfridom, kan også tenkjast å ha påverka debatten om skuleuniform. Organisasjonen *American Civil Liberties Union*<sup>27</sup> arbeider til dømes hardt mot bruk av uniform i skulen. Organisasjonen *Asserting Patental Rights – It's Our Duty* er også engasjert i skuleuniform-debatten. Dei skriv på nettsida si: "We came together to stop the government from interfering in how we wish to raise our children"<sup>28</sup>.

### 7.1.2. Skilnader blant born og foreldre

Debattane som er gjennomgått i denne oppgåva tyder på at foreldre, både i USA og i Noreg, er meir positive enn born til bruk av skuleuniform. Dette er også i tråd med det tidlegare forskning har vist (Brunsmå 2004, Hughes 2006, Stamison 2006).

Som ei forklaring på at born er meir skeptiske til bruk av uniform, vil somme hevda at born framleis tilhøyrer intimsfæren. Samfunnskritikaren Carl Hamilton (2004) introduserte uttrykket *det infantile samfunnet*. Han skriv om relasjonar mellom vaksne som subjekt, og borna som objekt i ein oppsedingssituasjon. Hamilton skildrar samfunnet i dag som eit alderslaust samfunn, blant anna gjennom måten elevar og foreldre kler seg:

Det åldersløsa samhället kennecknas just av denna sammanblanding och hopblandning. Vuxna går kledda i barn- och tonårskleder, barn i vuxenkläder. Samma populera förströelsar uppskattas av barn och av vuxna och på ungefär samma sett. (ibid: 237)

Han meiner at det har oppstått ein infantil kultur i vår tid, og dette forklarar han slik:

Den infantila kulturen uppstår nar gransan mellan barn och vuxna upplöses. Barnet tvingas ta ansvar. Den vuxne frånsver seg sitt. (ibid:

Hamilton etterlyser vaksne som tek meir ansvar og set tydelegare grenser, og han ser uheldige konsekvensar av at vaksne set livsnyting og det å "leve i nuet" i høgsetet. Dette kjenneteiknar opphavleg borna si livsinnstilling, som er prega av intimitet og veremåtar som er vanleg i

---

<sup>27</sup> <http://www.aclu.org/>

<sup>28</sup> <http://aprod.org/uniforms.htm>

privatsfæren. Når vaksne byrjar å bruka borna si livsinnstilling, tolkar Hamilton det som eit steg i retning av eit mindre sivilisert samfunn, og forklarar dette slik:

Brist på diskretion og kensla for vad det privata bor skydda, er en återgång till ett mindre civiliserat samhälle med mindre utrymme för det personliga. (Hamilton 2004: 273)

Ut frå Hamilton sin samfunnskritikk kan ein forstå negative haldningar til bruk av skuleuniform blant born som motvilje til formelle klesformer. Uniforma si formelle framtoning står i opposisjon til borna sin private veremåte. Somme meiner likevel at born er meir positive til disiplin og orden i skulen enn det mange trur. Frøydis Hertzberg skriv til dømes følgjande, i ein artikkel av Telhaug 09/2000):

[...]elevene selv, når de får anledning til å ytre seg som inspektører av den undervisning de får, klager over at lærerne ikke stiller klare krav til dem. De ønsker seg lærere som møter dem med klare forventninger om hva de skal prestere. (Telhaug 09/2003)

## 7.2. INNSPEL TIL VIDARE STUDIAR

Bruk av skuleuniform som tiltak i den norske skulen har vore nemnt i norsk media ved fleire høve, blant anna av representantar frå ulike politiske parti, som Kristeleg Folkeparti (KrF) i Trøgstad (2007)<sup>29</sup>, KrF i Kristiansand (2005)<sup>30</sup> og Framstegspartiet ved Carl I. Hagen (1999)<sup>31</sup>. Elevar eller elevråd har også bore temaet fram, som ved Rosenberg Skole i Trondheim (2004)<sup>32</sup>, Randaberg Videregående Skole i Stavanger (2008)<sup>33</sup>, og Mesterfjellet skole i Vestfold (2008)<sup>34</sup>. I oktober 2009, foreslo ein rektor ved ein skule i Bergen at det burde innførast skuleuniform i Noreg, ettersom det var vanskeleg å forby enkelte klesplagg, som hijab<sup>35</sup>.

Temaet har også vore lufta i rapporten "Jeg liker penger og skulle gjerne hatt mer . . .", i NOU 2001:6 (Barne- og familiedepartementet 2001), der Ragnhild Brustad drøftar negative verknader av kommersialisering, som utestenging av enkeltindivid grunna mangel på økonomiske ressursar. Blant moglege tiltak mot denne kommersialiseringa, vert det blant anna foreslått bruk av skuleuniform. Det blir også vist til ei meiningsmåling, utført av

---

<sup>29</sup> <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostfold/1.3372159>

<sup>30</sup> <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article1156630.ece>

<sup>31</sup> <http://www.dagbladet.no/nyheter/1999/08/23/175041.html>

<sup>32</sup> <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=218534>

<sup>33</sup> <http://www.markensgrodem.no/WordPress/rvs/?p=14>

<sup>34</sup> <http://www.op.no/nyheter/article3432972.ece>

<sup>35</sup> <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Rektor-vil-ha-hijab-ut-av-skolen-950593.html>

Opinion i mai 2000, som viste at kvar fjerde Oslo-borgar var positivt innstilt til obligatorisk uniform i skulen.

Oppgåva har hatt som mål å visa at analyse av debattar om skuleuniform på Internett har verdi for debatten om skuleuniform blant pedagogar og dei som fattar avgjerder i den norske skulen. Hyppige oppslag i media kan tolkast som eit teikn på at debatten om skuleuniform er i ferd med å nå fleire norske innbyggjarar. Dersom merksemda rundt uniformering som tiltak i skulen aukar i framtida, vil det vera naturleg å prøva å kartleggja kva som ligg bak. Det kan tenkjast at ei spørjeundersøking retta mot norske foreldre, born og tilsette i skulen, kunne vera naturleg som eit neste steg i forkinga.

## REFERANSAR

Aftenposten. "Vil innføre skoleuniform". 15.11.2005.

<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article1156630.ece>

Akdeniz, Yaman (2002): "Anonymity, democracy, and cyberspace – Part V: Democratic Process and Nonpublic Politics".

[http://findarticles.com/p/articles/mi\\_m2267/is\\_1\\_69/ai\\_88584148/?tag=content;coll](http://findarticles.com/p/articles/mi_m2267/is_1_69/ai_88584148/?tag=content;coll)

America's Debate. "School Uniforms in Public Schools, For or Against?".

<http://www.americasdebate.com/forums/index.php?showtopic=1668>

American Civil Liberties Union. <http://www.aclu.org/>

Amnesty: "Guantanamo Bay – Et hån mot menneskerettighetene".

<http://www.amnesty.no/web.nsf/e6a60ea6a9bfd96ac1256e2e0037d971/5180d4e70eed2d8ac1257029004c735a?OpenDocument>

Asbjørnsen, Arve, Terje Mjanger og Terje Ogden (1999): *Skole- og Opplæringspsykologi*, Oslo: Fagbokforlaget

Asserting Parents Rights – It's Our Duty!. <http://aprod.org/>

Audit Bureau of Circulations. "US Newspaper – Search Results".

<http://abcas3.accessabc.com/ecirc/newstitlesearchus.asp>

Barne- og Familiedepartementet (2001): "Oppvekst med prislapp? Om kommersialisering og kjøpepress mot barn og unge". I: *NOU 2001:6*.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/nouer/2001/nou-2001-6/23/3/5.html?id=363862>

Bauman, Zygmunt (1997): *Postmodernity and its Discontents*. Cambridge: Polity Press.

Bauman, Zygmunt (2001): *Flytende Modernitet*. Oslo: Vidarforlaget.

Beck, Christian (2009): *Hypersosialisering*. Oslo: Opplandske Bokforlag.

Bergens Tidende. "Rektor vil ha hijab ut av skolen". 18.10.2009.

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Rektor-vil-ha-hijab-ut-av-skolen-950593.html>

Bjorklund, David F. og Anthony D. Pellegrini (2002): *The Origins of Human Nature*.

Washington: American Psychological Association.

Bowen, John R. (2007): *Why the French don't like headscarves: Islam, the State, and public space*. Princeton: Princeton University Press.

Bruhn-Jensen, Klaus (2002): *A Handbook of Media and Communication Research*. London: Routledge.

Brunsma, David L. (2004): *The School Uniform Movement and What It Tells Us about American Education – A Symbolic Crusade*. Lanham, Maryland: Scarecrow Education.

Brunsma, David L. (2006): "Studying Public Elementary School Uniform Policies With Small Samples: Promises and Perils From Rural Pennsylvania". I *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Brunsma, David L. & Kerry Rockquemore (2001): "Effects of Student Uniforms on Attendance, Behavior Problems, Substance Use, and Academic Achievement". I: *The Journal of Educational Research*.

<http://sociology.missouri.edu/New%20Website%20WWW/Faculty%20and%20Staff/Assets/David%20Brunsma/Examining%20the%20Effects%20of%20Students%20Uniforms%20on%20Attendance.pdf>

Castells, Manuel (2003): *Internet Galaksen – Refleksjoner over Internettet, erhvervslivet og samfundet*. Århus: Systime.

Census of Governments – Government Organization Public Use Files. U.S. Census Bureau: "2002 Census of Governments".

[http://www.census.gov/govs/www/02PubUsedoc\\_GovOrg.html#coverage](http://www.census.gov/govs/www/02PubUsedoc_GovOrg.html#coverage)

Clinton, William J. (1996): "State of the Union Address". 23. januar.

<http://clinton2.nara.gov/WH/New/other/sotu.html>

Craik, Jennifer (2005): *Uniforms exposed – from conformity to transgression*. Oxford: Berg.

Cruz, Barbara (2001): *School Dress Codes: A Pro/Con Issue*, London: Enslow Publishers.

Dagbladet. "Nei til skoleuniformer". 23.08.1999.

<http://www.dagbladet.no/nyheter/1999/08/23/175041.html>

Diskusjon.no. "diskusjon om skoleuniformer".

<http://www.diskusjon.no/index.php?showtopic=772580&hl=skoleuniform&st=60>

Dutton, William H., Ellen J. Helsper og Monica M. Gerber (2009): "The Internet in Britain 2009". Oxford Internet Surveys. <http://www.oii.ox.ac.uk/microsites/oxis/>

Eriksen, Trond B. (2000): *Nietzsche og det moderne*. Oslo: Universitetsforlaget.

Federal Bureau of Investigation. <http://www.fbi.gov/>

Firmin, Michael, Suzanne Smith og Lynsey Perry (2002): "School Uniforms: A Qualitative Analysis of Aims and Accomplishments at Two Schools.". Cedarville University.  
<http://www.albany.edu/eqre/papers/21EQRE.doc>

Fosseen, Linda A. (2006): "School Uniforms in Middle Schools: Enhancing Identity and Security". I: Brunsmå, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Foucault, Michel (1999): *Overvåkning og Straff*. Oslo: Gyldendal.

Framtiden i våre hender. <http://www.framtiden.no/>

Gaulin, Steven J. C. og Donald H. McBurney (2001): *Psychology – An Evolutionary Approach*. New Jersey: Prentice-Hall.

Gereluk, Diane (2008): *Symbolic Clothing in Schools*, London: Continuum International Publishing Group.

Giddens, Anthony (1997): *Modernitetens Konsekvenser*. Oslo: Pax Forlag.

Hamilton, Carl (2004): *Det Infantila Samhället – Barndomens Slut*. Stockholm: Bokforlaget Prisma.

Hamilton, Jill (2008): *Dress Codes in Schools (Issues That Concern You)*. London: Greenhaven Press.

Hughes, Eloise (2006): "Effects of Mandated School Uniforms on Student Attendance, Discipline Referrals, and Classroom Environment". I: Brunsmå, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Imsen, Gunn (1998): *Elevens Verden*. Trondheim: Universitetsforlaget.

Iyengar, Shanto (1991): *Is anyone responsible? : How Television Frames Political Issues*. Chicago: Chicago University Press.

Johnson, Jesse (2008): "The Use of The Internet by America's Largest Newspapers (2008 Edition)" i The Bivings Report. <http://www.bivingsreport.com/2008/the-use-of-the-internet-by-americas-largest-newspapers-2008-edition/>

Joseph, Nathan (1986): "Uniforms and Nonuniforms: Communication Through Clothing". I: *Contributions in Sociology No. 61*. New York: Greenwood Press.

Kim, Yunhee & Marilyn DeLong (2006): "School Dress Codes and Uniforms: Perspectives on Wearing Uniforms in Korea and the United States". I: Brunsmas, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Kvinneguiden. "Skoleuniform eller ikke...".

<http://forum.kvinneguiden.no/index.php?showtopic=45796>

Lenhart, Amanda (2009): "The Democratization of Online Social Networks". 8. oktober. Pew Internet & American Life Project. <http://www.pewinternet.org/Presentations/2009/41--The-Democratization-of-Online-Social-Networks.aspx>

Li, Charlene og Josh Bernoff (2008): *Groundswell: winning in a world transformed by social technologies*. Boston: Harvard Business School Press.

Liestøl, Gunnar og Terje Rasmussen (2007): *Digitale Medier*. Oslo: Universitetsforlaget.

Long Beach Unified School District: "Uniforms". <http://www.lbusd.k12.ca.us/uniforms/>

Lopez, Rebecca A. (2003): "The Long Beach Unified School District Uniform Initiative: A Prevention-Intervention Strategy for Urban Schools". [http://findarticles.com/p/articles/mi\\_qa3626/is\\_200310/ai\\_n9248791/pg\\_2/?tag=content;coll](http://findarticles.com/p/articles/mi_qa3626/is_200310/ai_n9248791/pg_2/?tag=content;coll)

Lorentzen, Kjell (2006) "IKT i husholdningene". I: *Nøkkeltall om Informasjonssamfunnet*. Statistisk Sentralbyrå. [http://www.ssb.no/emner/10/03/sa\\_ikt/sa89/kap4.pdf](http://www.ssb.no/emner/10/03/sa_ikt/sa89/kap4.pdf)

Lund, Thorleif (2002): "Metodologiske prinsipper og referanserammer". I: Lund, Thorleif (red.): *Innføring i forskningsmetodologi*. Oslo: Unipub.

Markens Grødem. 22.05.2008. <http://www.markensgrodem.no/Wordpress/rvs/?p=14>

McGoldrick, Dominic (2006): *Human Rights and Religion: The Islamic Headscarf Debate in Europe*. Oxford: Hart Publishing.

Mitchell, Alison (1996): "Clinton Will Advise Schools on Uniforms". 25.februar i: *The New York Times*. <http://www.nytimes.com/1996/02/25/us/clinton-will-advise-schools-on-uniforms.html>

Moen, Ole O. (2005): *USA: Annerledeslandet i vest*. Oslo: Cappelen.

Moen, Ole O. (2009): *USA: Annerledeslandet i en ny tid*. Oslo: Historie & kultur.

National Archives, The. "The Bill of Rights". I: The Charters of Freedom". [http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill\\_of\\_rights\\_transcript.html](http://www.archives.gov/exhibits/charters/bill_of_rights_transcript.html)

National Center for Education Statistics. Florida Unified School District (1988). U.S. Department of Education. <http://nces.ed.gov/surveys/NELS88/>

National Center for Education Statistics. Florida Unified School District (2000). U.S. Department of Education. <http://nces.ed.gov/surveys/sdds/ed/index.asp?st=FL>

NRK. "Vil innføre skoleuniform". 04.09.2007. <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostfold/1.3372159>

Pate, Sharon S. (2006): "The Influence of a Mandatory School Uniform Policy in a Rural and an Urban School District". I: Brunsma, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*, Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

PISA 2006. Programme for International Student Assessment. <http://www.pisa.no/resultater/2006/index.html>

Pytel, Barbara (2006): "School Uniforms – Growing Trend". 26.september i: Suite101. [http://educationalissues.suite101.com/article.cfm/school\\_uniforms\\_growing\\_trend](http://educationalissues.suite101.com/article.cfm/school_uniforms_growing_trend)

Reporters Without Borders. "Press Freedom Index 2009". <http://www.rsf.org/en-classement1003-2009.html>

Riesman, David (2001/1961): *The Lonely Crowd*. New Haven: Yale University Press.

Rubinstein, Ruth P. (2001): *Dress Codes: Meanings and Messages in American Culture*. Oxford: Westview Press.



Sennett, Richard (1992): *Intimitetstyranniet*. Oslo: J.W.Cappelens Forlag.

Spence, S. (2007): "Ironing Out Policies on School Uniforms". 8.juni i USA Today.

[http://www.usatoday.com/news/education/2007-08-05-uniforms-protest\\_N.htm?csp=34](http://www.usatoday.com/news/education/2007-08-05-uniforms-protest_N.htm?csp=34)

Stamison, Victoria (2006): "The Implementation and Impact of Mandatory School Uniforms in Long Beach, California". I: Brunσμα, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*, Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Statistisk Sentralbyrå: "Informasjonssamfunnet". <http://www.ssb.no/ikt/>

Storvik, Olav T. (2004): "Bedre disiplin i skolen, krever Fr.P.". 27.01 i: Aftenposten.

<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/politikk/article718063.ece>

Telhaug, Alfred O. (2003): "Hvor den norske skole slår feil". 20.09 i: Aftenposten.

<http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article629166.ece>

Telhaug, Alfred O. (2003): "Skolen og den individuelle skyld". 25.10: i Aftenposten.

<http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article654695.ece>

Telhaug, Alfred O. (2003): Det mangfoldige, seinmoderne samfunnet". I: Skaalvik, Einar M. & Øyvind Kvello (red.): *Barn og Miljø*, Trondheim: Tano Aschehoug.

Tucker III, Winston H. (2006): "Student Uniforms and School Climate: The Urban Middle School Teacher's Perception". I: Brunσμα, David L. (red.), *Uniforms in Public Schools: A Decade of Research and Debate*, Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield Education.

Ulleberg, Hans P. (2002): "Arkitektur som makt – skolebygget som sosialiserende materiell".

NTNU. 22.10.2002. <http://www.sv.ntnu.no/ped/hans.petter.ulleberg/default.htm>

Ulleberg, Hans P. (2002): "Skolebygget som ramme for sosialisering". NTNU. 22.10.2002.

<http://www.sv.ntnu.no/ped/hans.petter.ulleberg/Skoleanlegget.htm>

Vetlesen, Arne J. (1996): "Kommunitarisme". I: *Samtiden* 4/1996.

<http://www.samtiden.no/9604/komm.htm>

Vetlesen, Arne J. og Jan-Olav Henriksen (2006): *Nærhet og distanse – grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker*. Oslo: Gyldendal.

VG. 10.03.2004. <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=218534>

Waldahl, Ragnar (2007): *Opinion og demokrati*. Oslo: Universitetsforlaget.

Youdebate: "School Uniform Debate And Poll".

[http://www.youdebate.com/DEBATES/school\\_uniforms.HTM](http://www.youdebate.com/DEBATES/school_uniforms.HTM)

Østerberg, Dag (1993): *Fortolkende Sosiologi 1 – Allmene emner og metodologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Østerberg, Dag (1998): *Arkitektur og sosiologi i Oslo – en sosiomateriell fortolkning*. Oslo: Pax Forlag.

Østlandsposten. 28.03.2008. <http://www.op.no/nyheter/article3433403.ece>

4forums: "School Uniforms". <http://www.4forums.com/political/education-debates/26-school-unifo>

Lesedatoen for Internett-referansane er 30.11.2009. Dersom linkane til Internett-referansane vert utdaterte, kan dei likevel vitjast ved å skriva inn adresse og lesedato på nettsida archive.org.